



Trygderetten

Årsrapport

2025

12.03.2026



Postadresse

Postboks 4724 Nydalen
0421 Oslo

Besøksadresse

Sandakerveien 130
0484 Oslo

Kontakt

post@trygderetten.no
Sentralbord: 23 15 95 59

Org.nr.

974 761 084

Innhald

1	Leiaren har ordet	3
2	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
2.1	Om Trygderetten	6
2.2	Mål og prioriteringar.....	7
2.3	Organisasjon og leiing.....	8
2.4	Talet på tilsette og forbrukte årsverk.....	9
2.4.1	Likestilling	9
2.4.2	Sjukefråvær	10
2.4.3	Rekruttering	10
2.4.4	Arbeidsmiljø.....	11
2.5	Nøkkeltal for 2025	12
3	Aktivitetar og hovudtal	14
3.1	Styringsparametrar	14
3.1.1	Redusert saksbehandlingstid	14
3.1.2	Nedbygging av restansar	15
3.2	Rapporteringskrav.....	15
3.2.1	Mottekne ankesaker.....	15
3.2.2	Behandla ankesaker.....	17
3.2.3	Ubehandla ankesaker (saksbehandling per 31. desember)	19
3.2.4	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar.....	20
3.2.5	Prosentdelen saker som er avgjorde innan høvesvis seks, ni og tolv månader.....	20
3.2.6	Talet på saker med behandlingstid på meir enn tolv månader	21
3.2.7	Prosentdelen forenkla grunngitte orskurdar	21
3.2.8	Talet på saker som er avgjorde ved munnleg saksbehandling.....	22
3.2.9	Utfallet av ankesaksbehandlinga rapportert som gunstprosent.....	22
3.2.10	Prinsipielle saker som er avgjorde med høvesvis tre og fem medlemmer	24
3.2.11	Saker som blei avgjorde med éin rettsmedlem	24
3.2.12	Vurdering av resultatata sett opp mot endringane i trygderettslova.....	24
3.2.13	Status for ettersleppsprosjektet.....	25
3.2.14	Beskriving av samarbeidet med andre verksemdar i klage- og ankesakskjeda.....	26
3.2.15	Tiltak for å effektivisere saksbehandlingsprosessar og satsing på digitale løysingar.....	27
3.3	Prosjekt i 2025	27
3.3.1	Førebuing av direkte anke	27
3.3.2	Ny leigekontrakt	29
3.3.3	Avlevering av arkivmateriale	29
3.4	Fellesføringar for 2025.....	30
3.4.1	Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk	30
3.4.2	Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing	30
3.4.3	Redusere konsulentbruken.....	30

4	Styring og kontroll av verksemda	33
4.1	Internkontroll	33
4.2	Risikovurdering	34
4.3	Digital tryggleik	34
4.4	Kommunikasjon	35
4.5	Økonomi	35
4.6	Innkjøp.....	36
5	Vurdering av framtidsutsikter	38
6	Årsrekneskap	41
6.1	Leiingskommentar til årsrekneskapen 2025	41
6.2	Stadfesting.....	41
6.3	Vesentlege forhold ved årsrekneskapen.....	41
6.4	Prinsippnote – løyvings- og artskontorrapportering	45
6.5	Oppstilling av løyvingsrapporteringa per 31. desember 2025	46
6.6	Oppstilling av artskontorrapporteringa per 31. desember 2025.....	49
6.7	Rekneskapsprinsipp – verksemdsrekneskap avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).....	50
6.8	Resultatrekneskap.....	53
6.9	Balanse	53
6.10	Notar til årsrekneskapen.....	55
7	Vedlegg	62
7.1	Avsagde tremedlemsorskurdar i 2025	62
7.2	Avsagde tremedlemsorskurdar i 2023	72
7.3	Statistikk 2016–2025.....	75
7.4	Likestillingsrapportering	76
8	Melding frå Riksrevisjonen	79

Nynorsk omsetjing: Språkverkstaden

Framsidedfoto: [unsplash.com / Taneli Lahtinen](https://unsplash.com/photos/Taneli-Lahtinen) – Reine, Moskenes

Vi bruker landskapsbilete som visuell ramme i denne årsrapporten for å spegle at Trygderetten er eit uavhengig, landsdekkjande ankeorgan. Fjordar, fjell, skog, kyst og nordområde speglar mangfaldet i landet og gir eit heilskapleg bilete av Noreg. Landskapa fungerer samtidig som ein visuell metafor for tilgjenge, rettferd og tryggleik – verdiar som står sentralt i arbeidet til Trygderetten.

1 Leiaren har ordet

Det er eit mål for Trygderetten å avgjere dei ankesakene som kjem inn, raskt og rett. Vi har hatt ei saksavvikling i 2025 på dryge 4400 ankesaker. Saksinngangen har vore litt høgare og har ført til at saksbeholdninga har hatt ein svak auke til 1640 ankesaker ved utgangen av året. Alderen på saksbeholdninga og ventetida for den ankande parten er mykje lågare enn i tidlegare år. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var på litt over fire månader (127 dagar). Det er avsagt orskurd i elleve saker med forsterka rett i løpet av 2025.

I tillegg til saksavviklinga har det vore gjennomført mykje utviklingsretta arbeid i 2025. Trygderetten har ei relativt lita administrasjonsavdeling. Rettsmedlemmene må dermed trekkjast med i dette arbeidet, og det påverkar naturleg nok både saksavviklinga til desse rettsmedlemmene og den samla produksjonen av ordskurdar i Trygderetten.

Vi tok i bruk eit nytt saks- og arkivsystem i mai 2025. Innføringa av dette systemet har vore meir ressurskrevjande enn forventa. Det kjem mellom anna av at det var behov for større tilpassingar i det standardsystemet som er skaffa, enn vi hadde føresett. Leveringa av arkivmateriale til Nasjonalarkivet har òg teke tid. Det nye systemet har ført til behov for endringar av bruksretteleingar og nødvendige revisjonar av rutinar og retningslinjer for saksavviklinga og behandlinga av personopplysningar i Trygderetten.

Andre utviklingsoppgåver vi har arbeidd mykje med i 2025, er etablering av ny leigekontrakt for Trygderetten frå 1. januar 2028 og førebuing av direkte anke, som blir innført 1. januar 2027. Trygderetten har støtte frå Statsbygg til å skaffe leigekontrakt, og dette arbeidet er godt i gang.

Direkte anke inneber at den private parten skal sende inn anken sin over vedtaket frå ankemotparten om pensjon og trygd til Trygderetten. Denne omlegginga av ankesystemet fører med seg vesentlege endringar for Trygderetten, ankemotpartane og dei ankande partane. Vi må etablere ei ny teknisk løysing for innsending av ankar til Trygderetten. Vidare må det mellom anna greiast ut korleis den nye rettleingsplikta overfor partane i saka skal takast hand om, korleis eit eventuelt publikumsmottak skal utformast, og kva for endringar vi bør gjere i saksflyten i Trygderetten for å kunne oppfylle den nye seksmånadersfristen for ankesaksbehandlinga. Det blir greidd ut korleis medarbeidarar i administrasjonsavdelinga kan avlaste rettsmedlemmene i den førebuande og avsluttande ankesaksbehandlingsfasen. Lovendringane som blir innførte 1. januar 2027, får stor innverknad for administrasjonsavdelinga, og avdelinga er i gang med ei modernisering for å kunne innfri framtidige oppgåver.

Trygderetten arbeider til kvar tid med å fornye og halde oppe kompetanse. Vi har jamlege foredrag internt, opplæring og interne faggrupper. Den seinare tida har vi òg arbeidd med å bli meir synlege og dele kven vi er, og kva vi gjer. Fleire av dei dyktige rettsmedlemmene våre har bidrege eksternt med foredrag og undervisning.

Takk til alle medarbeidarane for innsatsen i saksavviklinga, i utviklingsoppgåver og anna arbeid – alt har vore like viktig for det samla resultatet til Trygderetten i 2025.

12. mars 2026



Trine Fernsjø
leiar av Trygderetten





2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Om Trygderetten

Trygderetten blei oppretta ved lov i 1967, same året som folketrygdlova blei sett i kraft. Trygderetten er eit domstolliknande og uavhengig forvaltingsorgan som tek avgjerder om kva rettar enkeltpersonar har til pensjon og trygd. Sakene gjeld rettar og plikter etter lov om folketrygd, lov om barnetrygd og lov om krigspensjon for militærpersonar – og etter offentlege tenestepensjonsordningar.

I realiteten fungerer Trygderetten som ein særdomstol, sjølv om han ikkje er ein del av det ordinære domstolsapparatet. Orskurdane frå Trygderetten kan bringast inn for dei alminnelege domstolane med lagmannsretten som første instans.

Sakene som blir behandla av oss, er ofte svært viktige for velferda til den enkelte. I eit retts-tryggleiksperspektiv er det derfor viktig at vi avgjer sakene innan rimeleg tid og på ein for-svarleg og tillitvekkjande måte.

Trygderetten kan ikkje instruerast av noko anna organ om avgjerdene, og leiaren av Trygderetten kan ikkje instruere retten i enkeltsaker, tilsvarande som for domstolane. Mange av saksbehandlingsreglane er dei same som for vanleg rettargang.

Vi er administrativt organiserte under Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID), som gir styringssignal gjennom instruks, årlege tildelingsbrev og etatsstyringsmøte.

2.2 Mål og prioriteringar

I tildelingsbrevet for 2025 er styringsparametrane til Trygderetten nedbygging av etterslep (ubehandla ankesaker) og redusert saksbehandlingstid. Trygderetten skal vidare rapportere til departementet om

- talet på mottekne ankesaker frå ankemotpartane (inkludert faktisk inngang samanlikna med prognosen frå klageinstansen i Nav)
- talet på behandla ankesaker (saksproduksjon) totalt og gjennomsnittleg per administrator
- talet på ubehandla ankesaker
- gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar
- prosentdelen saker som er avgjorde innanfor høvesvis seks, ni og tolv månader
- talet på saker med behandlingstid på meir enn tolv månader
- prosentdelen forenkla grunngitte orskurdar (jf. trygderettslova § 21 tredje ledd)
- talet på saker som blei avgjorde ved munnleg saksbehandling
- utfallet av ankebehandlinga rapportert som gunstprosent (det skal rapporterast særleg på utfallet av saker som gjeld uføreytingar og arbeidsavklaringspengar, AAP)
- saker som er avgjorde med høvesvis fem medlemmer og tre medlemmer etter trygderettslova § 7 andre ledd bokstav d i løpet av året
- saker som er avgjorde med éin rettsmedlem (jf. endringa i trygderettslova som blei sett i kraft 1. juli 2024)
- vurdering av resultatata sett opp mot endringane i trygderettslova, jf. Prop. 53 L (2023–2024)
- status for restanseprosjektet, inkludert innretning av prosjekt og kontinuerlege produksjonsresultat
- beskriving og vurdering av samarbeidet med andre verksemder i klage- og ankesaksjeda, inkludert oppnådde resultat og eventuelle utfordringar
- tiltak for å effektivisere saksbehandlingsprosessar og satsing på digitale løysingar, inkludert innføring av nytt saks- og arkivsystem

Det er òg gitt følgjande fellesføringar for 2025:

- systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk
- positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing
- reduksjon av konsulentbruken

2.3 Organisasjon og leing


Leiaren av Trygderetten og dei faste rettsmedlemmene blir utnemnde av Kongen i statsråd. Rettsmedlemmene har juridisk, medisinsk eller attføringsfagleg kompetanse. Trygderetten har også rettsfullmektigar som blir tilsette av leiaren av Trygderetten i ein åremålsperiode på inntil tre år, med høve til forlenging i to år til.

Rettsfullmektigane utfører tilsvarande oppgåver som etter lova er lagde til dei jusskunnige rettsmedlemmene i Trygderetten.



Rettsfullmektigane i Trygderetten sommaren 2025.

Trygderetten er delt inn i fire fagavdelingar og ei administrasjonsavdeling. Fagavdelingane omfattar juss-, medisin- og attføringskunnige rettsmedlemmer, i tillegg til rettsfullmektigar. Alle fagavdelingane behandlar same type ankesaker.



Administrasjonsavdelinga gir støttefunksjonar til fagavdelingane og har ansvar for HR-funksjonar, lønn og økonomi, IT- og systemforvaltning, intern og ekstern kommunikasjon, saksflyten i Trygderetten og saks- og arkivsystemet vårt.

2.4 Talet på tilsette og forbrukte årsverk

TALET PÅ TILSETTE PER 31.12.	2021	2022	2023	2024	2025
Talet på tilsette 01.01.	70	64	80	72	71
Talet på tilsette 31.12.*	67	79	75	67	76
Netto endring	-3	15	-5	-5	5

TALET PÅ TILSETTE PER 31.12.	2021	2022	2023	2024	2025
Tilsette rettsfullmektigar	9	15	14	13	14
Tilsette rettsmedlemmer – juristar*	20	28	29	28	32
Tilsette rettsmedlemmer – fagkunnige	19	18	16	15	13
Tilsette i administrasjonen	19	18	16	11	17
Tilsette totalt	67	79	75	67	76

* Inkludert to rettsmedlemmer i permisjon og fem konstituerte.

TALET PÅ ÅRSVERK*	2021	2022	2023	2024	2025
Årsverk rettsfullmektigar	10,9	11,9	13,1	13,2	13,9
Årsverk rettsmedlemmer – juristar	20,4	23,9	25,3	25,8	27,3
Årsverk rettsmedlemmer – fagkunnige	15,3	16,5	15,5	14,5	13,6
Årsverk i administrasjonen	16,7	16,1	13,0	12,1	12,7
Forbrukte årsverk	63,3	68,5	66,9	65,6	67,4

* Utførte årsverk, jf. PM-2019-13

2.4.1 Likestilling

KJØNNSFORDELING TOTALT	2021	2022	2023	2024	2025
Kvinner	41	48	47	40	47
Menn	26	31	28	27	29

Av dei tilsette i Trygderetten var 62 prosent kvinner og 38 prosent menn i 2025. Kjønnfordelinga har lege på omtrent same nivå dei siste åra.

KJØNNSFORDELING I LEIARGRUPPA	2021	2022	2023	2024	2025
Kvinner	3	4	5	5	5
Menn	3	3	2	1	1

Leiargruppa i Trygderetten er sett saman av seks medlemmer ved utgangen av 2025, fem kvinner og éin mann. Fagdirektøren i stab er ikkje medlem av leiargruppa.



Leiargruppa i Trygderetten per 31. desember 2025.

2.4.2 Sjukefråvær

SJUKEFRÅVÆR I PROSENT	2021	2022	2023	2024	2025
Totalt	4,0 %	4,1 %	4,9 %	3,4 %	4,6 %

Samla sjukefråvær var på 4,6 prosent i 2025 og er 1,2 prosentpoeng høgare enn i 2024. Trygderetten følgjer opp medarbeidarar med sjukefråvær tett for å leggje arbeidskvardagen best mogleg til rette for den enkelte.

2.4.3 Rekruttering

I 2025 har vi rekruttert to medarbeidarar i faste stillingar som saksbehandlarar i administrasjonsavdelinga. Vi har òg tilsett ein ny seksjonsleiar til den nyoppretta seksjonen for dokument-senter og arkiv. Desse tre tiltretr i første kvartal 2026. Fire konsulentar er tilsette på deltid i eittårige engasjement i administrasjonsavdelinga. I tillegg har fem konstituerte rettsmedlemmer og åtte rettsfullmektigar starta i 2025 (dei blei tilsette i 2024).

Tolv medarbeidarar slutta i Trygderetten i løpet av 2025, to gjekk av med pensjon og ti tilsette fekk nye stillingar utanfor Trygderetten.



Dei tilsette i Trygderetten frå internseminar på Thorbjørnrud i juni 2025.

2.4.4 Arbeidsmiljø

Trygderetten skal vere ein arbeidsplass med godt arbeidsmiljø og utfordrande og meningsfylte oppgåver for dei tilsette. Dei tilsette ved representantane deira skal bli tekne med på råd når det gjeld framtida og utviklinga til Trygderetten.

I strategiplanen for 2023–2025 har vi valt som mål å vere «Ein Trygderett med same mål». I dette legg vi følgjande:

- Vi er opptekne av fellesskapet og har gode arenaer for samhandling, utvikling og forbetring.
- Vi er tydelege på kva som er forventa av oss, og jobbar for det same målet.
- Medarbeidarane våre har eigarskap til eigne arbeidsprosessar og jobbar med kontinuerleg forbetring.
- Vi har medarbeidarundersøkingar som blir følgde opp med forbetringstiltak.
- Vi har jamlege allmøte.

Vi fastsette ein kompetanseplan i 2024, som er følgd opp i 2025. Det blei fastsett ein kommunikasjonsstrategi i 2025 som skal leggje til rette for god kommunikasjon internt og eksternt.

2.5 Nøkkeltal for 2025

TRYGDERETTEN	2021	2022	2023	2024	2025
Tal på årsverk	63,3	68,5	66,9	65,6	67,4
Tildeling dette året	93 017 000	104 392 000	115 245 000	121 910 000	123 562 000
Overført frå i fjor	3 366 000	1 841 000	1 325 000	2 415 000	6 102 000
Samla tildeling post 01–99, kr	96 383 000	106 233 000	116 570 000	124 325 000	129 664 000
Utnyttingsgrad post 01–29, i prosent	98	99	98	95	97
Driftskostnader i kr	94 541 614	104 908 445	114 154 989	118 222 877	125 244 849
Lønnsdel av driftskostnader i prosent	77	79	79	78	77
Mindreutgift	1 841 386	1 324 555	2 415 011	6 102 123	4 419 151
Mogleg overførbart til neste budsjettermin	1 841 386	1 324 555	2 415 011	6 102 123	4 419 151
Lønnskostnader i tusen kr per årsverk	1 146	1 213	1 349	1 401	1 427



3 Aktivitetar og hovudtal

3.1 Styringsparametrar

Det går fram av tildelingsbrevet frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet datert 2. januar 2025 at styringsparametrane for Trygderetten i 2025 er å redusere saksbehandlingstida og redusere beholdninga av ubehandla ankesaker.

3.1.1 Redusert saksbehandlingstid

Trygderetten har sett inn fleire tiltak for å få saksbehandlingstida ned. Vi har også i 2025 gjennomført prosjekt med moderat spesialisering, følgd opp produksjonen til den enkelte tett og utnytta handlingsrommet for effektiv saksavvikling i trygderettslova.

Av tabellen kan ein sjå endringar i den gjennomsnittlege saksbehandlingstida per år.

STYRINGSPARAMETER	
Frå 2021 til 2022	Auka med 58 dagar
Frå 2022 til 2023	Redusert med 16 dagar
Frå 2023 til 2024	Redusert med 187 dagar
Frå 2024 til 2025	Redusert med 84 dagar

Trygderetten har sidan 2022 redusert saksbehandlingstida si med totalt 287 dagar, til 127 dagar i 2025.

Trygderetten innfrir styringsparameteren om å redusere den gjennomsnittlege saksbehandlingstida med god margin i 2025. Dette er eit godt grunnlag for å førebu innføringa av seks månaders saksbehandlingstid frå 1. januar 2027.

Den gjennomsnittlige saksbehandlingstida og prosentdelen saker som blei avgjorde innan seks, ni og tolv månader, er kommentert nærmare under rapporteringskrava nedanfor.

3.1.2 Nedbygging av restansar

Saksinngangen til Trygderetten i 2025 var noko høgare enn saksavviklinga, og dette er om-
talt i punkt 3.2.2. Vi har dermed ikkje innfridd styringsparameteren om å redusere saksbe-
haldninga.


Saksinngangen har vore tilnærma lik prognosen for saksinngang som klageinstansen i
Nav gav i februar 2025.

STYRINGSPARAMETER	2021	2022	2023	2024	2025
Endring i saksbeholdning ved årsslutt	1 074	-180	-2 141	-1 057	192

Trygderetten gjekk inn i 2025 med ei beholdning på 1448 ubehandla ankesaker. Ved ut-
gangen av året har beholdninga auka med 192 saker. Vi hadde 1640 ankesaker ved ut-
gangen av 2025.

3.2 Rapporteringskrav

3.2.1 Mottekne ankesaker



Prognosen for saksinngangen i 2025 blei sett til 4624 ankesaker. Prognosen er gitt av prog-
noseutvalet og vurdert tre gonger i løpet av året. Ein rekna med ein inngang frå klageins-
tansen i Nav på 4324 ankesaker og 300 ankesaker frå andre ankemotpartar. Prognosen
treffe godt.

Totalt fekk Trygderetten 4629 ankesaker, 4402 ankesaker frå Nav og 227 ankesaker frå andre ankemotpartar. Saksinngangen er om lag 20 prosent høgare enn i 2024. Den auka saksinngangen må sjåast i samanheng med at Nav byggjer ned etterslepet sitt i samband med at det skal innførast direkte anke til Trygderetten frå 1. januar 2027.

Innkommande ankesaker per ankemotpart:

ANKEMOTPART	2021	2022	2023	2024	2025
Nav	4 313	3 615	2 862	3 603	4 402
Nasjonalt klageorgan for helsetenesta	67	49	42	38	28
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	39	29	48	48	50
Andre kommunale kassar	–	21	23	0	0
Statens pensjonskasse (SPK)	129	131	129	154	106
Andre	115	89	4	18	43
Total	4 663	3 934	3 108	3 861	4 629

Klageinstansen i Nav er framleis den klart største ankemotparten til Trygderetten og leverer om lag 95 prosent av den totale saksinngangen.


Innkommande ankesaker per sakstype:

SAKSTYPAR	2021	2022	2023	2024	2025
Dagpengar	129	204	185	222	175
Sjukepengar	475	371	290	687	578
Arbeidsavklaringspengar	676	446	225	218	435
Yt. under med. rehabilitering	71	69	60	57	59
Grunn- og hjelpestønad	43	54	72	109	100
Einsleg forsørgjar	31	45	41	36	34
Pensjonsutrekning	26	10	10	13	137
Statens pensjonskasse		104	91	95	99
Yrkesskadar	594	329	263	347	634
Uføreytingar	1 379	1 180	924	1 030	1 308
Forvaltingsmessige føresegner		270	206	248	90
Barnetrygd		28	36	45	100
Saker etter trygderettslova		315	380	456	474
Svangerskap, fødsel og adopsjon		126	67	41	78
Stønad ved helsetenester		39	36	15	18
Medlemskap		58	40	33	102
Andre sakstypar	1 239	286	182	209	208
Sum	4 663	3 934	3 108	3 861	4 629
<i>Prosentvis endring frå tidlegare år</i>	<i>12 %</i>	<i>-16 %</i>	<i>-21 %</i>	<i>24 %</i>	<i>21 %</i>

Uføreytingar er den klart største sakstypen og utgjer om lag 28 prosent av saksinngangen i 2025. Trygderetten har vidare høg inngang av sjukepenge-, arbeidsavklaringspenge- og

yrkesskadesaker. I desse fire sakstypene vil det ofte delta rettsmedlemmer med medisinsk eller attføringsfagleg kompetanse i tillegg til den jusskunnige rettsmedlemmen som er administrator i saka.

3.2.2 Behandla ankesaker




Trygderetten avsa totalt 4437 orskurdar i 2025. Det er 481 færre enn i 2024.

At saksavviklinga blei lågare enn i 2023 og 2024, har fleire årsaker:

- Den viktigaste grunnen er at innføringa av nytt saks- og arkivsystem har kravd vesentleg meir ressursar enn venta. Det har vore nødvendig med relativt omfattande tilpassingar av systemet.
- Trygderetten hadde i 2025 avgrensa kapasitet og kompetanse i administrasjonen når det gjaldt å bidra til å byggje opp, teste og foreslå forbetringar i det standardiserte saks- og arkivsystemet vi skaffa i 2024. Leiarar og rettsmedlemmene er nytta i stor grad, og dette har verka inn på saksavviklinga deira.
- Det har gått med ressursar til opplæring, og innføring av nytt saks- og arkivsystem har teke mykje tid. Fleire medarbeidarar har dessutan rapportert at det har teke ein del tid å setje seg inn i det nye systemet etter at det blei teke i bruk i mai 2025.
- Rettsmedlemmer og medarbeidarar i administrasjonen har òg vore tekne ut av saksproduksjonen for å bidra i andre utviklingsoppgåver og prosjekt. Omfanget av dette uttaket har vore større i 2025 enn i tidlegare år. Til dømes kan vi nemne utviklinga av den nye rettshjelsapplikasjonen som blei innført frå 15. oktober 2025, deltaking i prosjektet for førebuing av direkte anke, prosjektet med ny leigekontrakt for Trygderetten, samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet rundt lovendringar og oppdatering av ei rekkje interne styringsdokument.
- Eit siste forhold som kan nemnast, er at innføring av einedommarsaker per

1. juli 2024 ikkje har hatt like stor effekt som tiltak for å auke saksavviklinga som ein forventet. Utvalet gjekk i NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* ut frå at einedommarsaker ville gi innsparing av tid for kvar enkelt administrator. Trygderetten var einig i denne hypotesen. Han bygde mellom anna på at administratorar ved innføringa av einedommarsaker ville få færre saker med jusskunnige meddommarar, og at denne letten ville vere større enn meirarbeidet ved å vere einedommar i eigne juristsaker. Det er rett at talet på saker med jusskunnige meddommarar har blitt vesentleg redusert etter lovendringa. Utrekninga av meirarbeidet til administratoren ved å vere åleine på saka trefte ikkje like godt. Det har vore avgang av erfarne rettsmedlemmer og tilsetjing av nye juristar som har hatt behov for noko meir tid for å komme opp i produksjonstakt no enn nytilsette hadde før einedommarsaker blei innført. Vi meiner dette er svært forståeleg, og ser behov for å tilpasse opplæringsopplegget betre for å kunne dekkje behova til nye tilsette.

Desse forholda har til saman påverka den samla saksavviklinga vår og den gjennomsnittlege effektiviteten per administratorårsverk i 2025.



«I Trygderetten er det hyggjelege kollegaer, god takhøgde for faglege diskusjonar og eit godt samarbeid mellom juristar, medisinarar og attføringskunnige. Eg trivst med å jobbe i skjæringspunktet mellom medisin og juss og er oppteken av kvaliteten på arbeidet vi gjer.»

Ephrem, medisinar

Årsverksforbruk og produserte orskurdar per juristårsverk

Trygderetten har rapportert om administratoreffektivitet i årsrapporten i ei årrekke. Utrekninga av gjennomsnittleg effektivitet har vore utført på same måte og har dermed vore grunnlag for å vurdere utviklinga av effektivitet per juristårsverk frå eitt år til eit anna og over ein lengre tidsperiode.

Ved utrekninga av administratoreffektiviteten tel alle tilsette juristar som eit administratorårsverk uavhengig av om dei arbeider delvis eller fullt ut med saksavvikling. Nytilsette tel med frå første yrkedag. Dei fire avdelingsleiarane blir rekna med som fire årsverk, sjølv om dei i tillegg til å delta i saksavviklinga har ansvar for å leie si eiga fagavdeling, har oppgåver i leiargruppa og dedikert ansvar for ein del utviklingsoppgåver. Rettsmedlemmer

som har ansvar for interne arbeidsgrupper og utviklingsprosjekt, tel òg med som heile årsverk.

Ved årsverksutrekninga blir det alltid gjort frådrag for sjukefråvær, permisjonar, senior dagar med meir hos alle juristane i samsvar med personalmeldinga som gjeld for staten.


I år der det er mykje utviklingsarbeid, særleg omfattande oppgåver ved styringa av Trygderetten, og det derfor samla sett blir teke ut meir ressursar frå saksavviklinga enn normalt, vil gjennomsnittstalet for administratoreffektivitet bli lågare. I 2025 har vi hatt eit ekstraordinært uttak samanlikna med tidlegare år. Dette kan med skjønn fastsetjast til å utgjere tre årsverk.

Når administratoreffektiviteten blir rekna ut (utan å ta omsyn til dei ekstraressursane som er tekne ut frå produksjonen i 2025), har den gjennomsnittlege produksjonen gått ned til 108 orskurdar per årsverk – sjå tabellen.

ADMINISTRATORAR	2021	2022	2023	2024	2025
Produserte orskurdar	3 415	4 114	5 149	4 918	4 437
Årsverk	31,3	35,9	38,4	38,9	41,1
Orskurdar per årsverk	109	115	134	126	108

Når det blir gjort uttak av tre administratorårsverk frå saksavviklinga til utviklingsoppgåver, blir den gjennomsnittlege effektiviteten 117 saker per årsverk.

3.2.3 Ubehandla ankesaker (saksbeholdning per 31. desember)



Vi gjekk inn i 2025 med ei saksbeholdning på 1448 ubehandla ankesaker. I løpet av 2025 er behaldninga auka med 192 ankesaker, som svarer til 13 prosent.

Saksbeholdninga inneheldt desse sakstypene ved årsskiftet i 2024 og 2025:

SAKSBEHALDNING I TRYGDERETTEN	31.12.2024	31.12.2025
Dagpengar	77	51
Sjukepengar	265	214
Arbeidsavklaringspengar	89	179
Ytingar under medisinsk rehabilitering	20	16
Grunn- og hjelpestønad	40	37
Einsleg forsørgjar	15	7
Pensjonsutrekning	4	63
Yrkesskadar	96	470
Uføreytingar	405	581
Andre sakstypar	437	22
SUM	1 448	1 640

Tabellen nedanfor viser alderen på saksbeholdninga ved utgangen av året. Den vesentlegaste delen av beholdninga er yngre enn seks månader. Saksbeholdninga er vesentleg «yngre» enn tidlegare år og gir eit godt grunnlag for innføringa av direkte anke i 2027.

Saksbeholdninga inneheld per 31. desember 2025 26 ankar som er eldre enn tolv månader.

ALDER PÅ SAKSBEHALDNINGA	2021	2022	2023	2024	2025
< 3 md.	1 063	928	736	728	1218
3–6 md.	974	744	547	470	308
6–12 md.	1 905	1 668	967	213	88
> 12 md.	884	1 306	255	37	26
SUM	4 826	4 646	2 505	1 448	1640


3.2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar

GJENNOMSNI TTLEG SAKSBEHANDLINGSTID, ALLE SAKER	
Per 31.12.2021	356 dagar
Per 31.12.2022	414 dagar
Per 31.12.2023	398 dagar
Per 31.12.2024	211 dagar
Per 31.12.2025	127 dagar

3.2.5 Prosentdelen saker som er avgjorde innan høvesvis seks, ni og tolv månader

PROSENTDEL	2021	2022	2023	2024	2025
Innan 6 md.	–	11 %	10 %	45 %	84 %
Mellom 6 og 9 md. (< 270)	–	4 %	6 %	28 %	10 %
Innan 12 md. (< 360)	–	6 %	18 %	18 %	4 %

3.2.6 Talet på saker med behandlingstid på meir enn tolv månader




Det er ein vesentleg nedgang i talet på saker som får ei saksbehandlingstid på over eitt år. Dette skriv seg frå systematisk prioritering av dei eldste sakene. Saksbehandlingstid på meir enn tolv månader er vanlegvis ei følge av at sakene er sette på vent for å få resultatet av ein prinsipiell tre- eller femmedlemsorkurd, for å vente på ein høgsterettsdom i ei liknande sak eller for å vente på meir informasjon frå ein av partane.

Restanseprosjektet i Trygderetten har bidrege til å behandle dei eldste sakene. Prosjektet blir ført vidare i 2026.

3.2.7 Prosentdelen forenkla grunngitte orskurdar

Trygderetten skal grunngi orskurdane sine, anten med forenkla grunngiving eller full grunngiving. Frå 1. juli 2024 er tilgangen til å skrive orskurd med forenkla grunngiving utvida og kan no brukast ved alle slutningsformer så lenge resultatet blir rekna som klart.



Av 4437 behandla ankar blei 2719 saker avgjorde som forenkla orskurdar. Orskurdane med forenkla grunngeving utgjør om lag 62 prosent, mot 43 prosent i 2024. Trygderetten har i 2025 auka omfanget av forenkla orskurdar, og dette er i samsvar med ei ønskt utvikling.

3.2.8 Talet på saker som er avgjorde ved munnleg saksbehandling

Hovudregelen i trygderettslova er at saker skal behandlast på bakgrunn av skriftleg framstilling frå partane. Retten kan òg gjennomføre munnleg rettsmøte med partane til stades. Vilkåret i trygderettslova § 19 for å halde rettsmøte er at «særlege grunnar» talar for det. Den interne rettleiinga om rettsmøte blei sist oppdatert i 2024.

Partane kan oppmode om at Trygderetten held rettsmøte i saka. Retten kan òg velje å gjere dette på eige initiativ. Den vanlegaste grunnen til avslag på oppmoding om å halde rettsmøte er at ankesaka er tilstrekkeleg opplyst i dei skriftlege dokumenta, eller at ei munnleg saksbehandling vil føre til at saka blir meir vidløftig. Det er hovudsakleg saker der partsforklaring og eventuell vitneføring er aktuelt, som har vist seg å vere eigna for munnleg saksbehandling.

Vi har behandla to saker ved munnleg saksbehandling i 2025, ankesak TRR-2024-1896 og TRR-2025-3001. I den første saka tok retten stilling til om den ankande parten kunne bli gitt 18 vekers forlengd ventetid ved innvilging av dagpengar, og den andre saka gjaldt tilbakekrevjing av arbeidsavklaringspengar, folketrygdlova § 22-15.

3.2.9 Utfallet av ankesaksbehandlinga rapportert som gunstprosent

Behandlinga av ei ankesak i Trygderetten kan få seks ulike utfall.

Dersom Trygderetten tek stilling til realiteten i saka, kan det anka vedtaket

- stadfestast
- omgjerast heilt eller delvis

- opphevast og saka bli vist vidare til ny behandling
- bli ståande og saka bli vist vidare til ny behandling

I tillegg kan resultatet bli at saka blir avvist utan at Trygderetten tek stilling til realiteten i saken, eller at saka blir heva.

Den gjennomsnittlege gunstprosenten for alle saker er redusert dei seinare åra og landar for 2025 på 12 prosent. Klageinstansen i Nav gjer òg om færre anka vedtak under ankesaksførebuinga til Trygderetten enn tidlegare.

Nedgangen i gunstprosent har fleire årsaker:

- Trygderetten har vesentleg kortare gjennomsnittleg saksbehandlingstid enn tidlegare. Ankesaksbehandlinga skjer dermed kortare tid etter at ankemotparten gjorde det vedtaket som er anka til Trygderetten. Kortare saksbehandlingstid inneber at det ligg føre færre nye opplysningar og færre endra forhold som ein må ta omsyn til i ankeomgangen, enn tidlegare.
- Kvalitetsarbeidet i Nav kan ha ført med seg fleire rette avgjerder.
- Arbeidsavklaringspengar (AAP) er eit område med ein ikkje uvesentleg omgjeringprosent. Saksinngangen av AAP-saker har gått vesentleg ned etter lovendringa (fjerning av karens frå 1. juli 2022), og dermed blir det i sum færre omgjeringsar.
- Høgsterett har avsagt to dommar i ung ufør-saker (HR-2021-2276-A og HR-2024-2340-A), den siste 19. desember 2024, som har ført til rettsavklaringsar for både Nav og Trygderetten, som igjen påverkar talet på omgjeringsar.
- Opphevingsprosenten går ned, og dette utgjer ein faktor i nedgangen.

GUNSTPROSENTEN – ALLE ANKESAKER	2021	2022	2023	2024	2025
Heil/delvis omgjeringsar (%)	12	15	14	11	9
Oppheva og vist vidare (%)	6	6	4	5	3
Gunstprosent	19	21	18	16	12

Ein del ankesaker blei òg avslutta ved at ankesaka blei avvist eller heva. I dei andre ankesakene blei det anka vedtaket stadfesta.

GUNSTPROSENT – UFØREYTINGAR	2021	2022	2023	2024	2025
Heil/delvis omgjeringsar (%)	–	19,5	16,5	14	9,66
Oppheva og vist vidare (%)	–	5,9	4	5	4,31
Gunstprosent	–	25,4	20,5	20	13,98

GUNSTPROSENT – ARBEIDSAVKLARINGSPEGAR	2021	2022	2023	2024	2025
--	-------------	-------------	-------------	-------------	-------------

Heil/delvis omgjerung (%)	-	20,7	17,2	13	12,17
Oppheva og vist vidare (%)	-	4,3	4,6	3	4,45
Gunstprosent	-	25	21,8	16	16,62

3.2.10 Prinsipielle saker som er avgjorde med høvesvis tre og fem medlemmer

Trygderettslova § 7 sjette ledd opnar for å setje rett med tre eller fem medlemmer i saker der ein går ut frå at orskurden blir avgjerande for praksis på eit saksområde. Slike avgjerder har ein større verknad som rettskjelde enn andre orskurdar. Om det blir sett ein forsterka rett med fem eller tre medlemmer, vil til dømes vere avhengig av om det ligg føre sprik i praksis som tilseier ein breiare samansetnad av retten.

Partane kan oppmode om at det blir sett forsterka rett i ei sak som er til behandling. Trygderetten kan òg på eige initiativ vurdere om det på enkelte saksområde med uklar praksis bør avseiast prinsipielle orskurdar som vil vere retningsgivande for Arbeids- og velferdsetaten, andre ankemotpartar og for Trygderetten sjølv. Spørsmålet om retten skal setjast med tre eller fem medlemmer, blir avgjort av leiaren av Trygderetten. Trygderetten varslar normalt partane om saker som det er avgjort å setje med forsterka rett.

I 2025 blei det avsagt elleve orskurdar der retten var sett med fem medlemmer – sjå punkt 7.1 for ei oversikt over dei. Vi hadde tre femmedlemssaker under behandling ved årsslutt.

I 2025 blei det avsagt tre orskurdar der retten var sett med tre medlemmer – sjå punkt 7.2 for ei oversikt over dei. Vi hadde to tremedlemssaker under behandling ved årsslutt.

Av dei 14 prinsipielle orskurdane som blei avsagde i 2025, blei forsterka rett initiert på eige initiativ i ti av sakene, etter oppmoding frå klageinstansen i Nav i tre av sakene og etter oppmoding frå SPK i éi av sakene.

3.2.11 Saker som blei avgjorde med éin rettsmedlem

Etter at trygderettslova § 7 blei endra frå 1. juli 2024, er omtrent halvparten av orskurdane til Trygderetten avsagde med éin rettsmedlem. Dette er eit forventa resultat ut frå typen saker Trygderetten har i porteføljen sin.

SAKER SOM BLEI AVGJORDE MED ÉIN RETTSMEDLEM	2021	2022	2023	2024*	2025
Orskurdar utan meddommar				1 175	2 269
Orskurdar utan meddommar				50,4 %	52,0 %

*) Frå 1. juli 2024

3.2.12 Vurdering av resultatata sett opp mot endringane i trygderettslova

Endringane i samansetnaden av retten, krava til orskurdar og aktiv saksstyring som blei sette i kraft frå 1. juli 2024, er tiltak for å forenkla og effektivisere saksbehandligna. I forkant

av endringane arbeidde Trygderetten med å nytte handlingsrommet ved bruk av orskurdsform. Frå 2023 har prosentdelen ankesaker der det er nytta forenkla grunngiving, stige jamt og auka vesentleg. Prosentdelen einedommarsaker har stige noko. Omfanget av einedommarsaker vil til kvar tid vere avhengig av innhaldet i ankesaksbeholdninga til Trygderetten. Dette kjem av at retten skal utvidast med ein fagkunnig rettsmedlem når forsvarleg behandling av saka tilseier det. Prosentdelen einedommarsaker og forenkla grunngitte orskurdar viser at Trygderetten har tilpassa seg lovendringane, og at det framleis skjer ei utvikling. Resultata over tid tilseier at endringane har ønskt effekt, sjølv om effekten så langt ikkje er like stor som ein gjekk ut frå – sjå punkt 3.2.2.

3.2.13 Status for ettersleppsprosjektet

I NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* foreslo utvalet å etablere eit tidsavgrensa restanseprosjekt over tre år for å byggje ned restansar til eit «normalnivå» og avlaste organisasjonen. Prosjektet omfattar fire jusskunnige rettsmedlemmer inkludert leiaren og dessutan to medisinkunnige, éin attføringskunnig og éin rettsfullmektig medlem.



«Å jobbe i Trygderetten er både spennande og givande; ein blir fagleg utfordra og får bidra til auka rettstryggleik for den enkelte. Som rettsfullmektig er eg administrator i ankesaker, mellom anna i ettersleppsprosjektet, og det har gitt meg eit unikt høve til å delta i det munnlege arbeidet.»

Trond-Arvid, rettsfullmektig

Prosjektet blei sett i verk frå 1. januar 2024, med eit mål om å avseie minst 500 orskurdar i 2024 og 540 orskurdar i 2025.

Resultatet for 2025 viste at det blei avsagt totalt 580 orskurdar. Prosjektet har avsagt 7,4 prosent fleire orskurdar enn målet. Det har vore utskifting av to rettsmedlemmer (jusskunnig rettsmedlem og medisinkunnig rettsmedlem) i prosjektet i løpet av 2025. Prosjektet har likevel hatt ei svært god resultatoppnåing.

RESTANSEPROSJEKTET	2024	2025
Avsagde orskurdar	588	580
Rettssamansetnad:		
– 1 rettsmedlem	16	46
– 2 rettsmedlemmer	515	426

- 3 rettsmedlemmer	57	109
Avgjerdsformer:		
- Vanleg grunnlagt orskurd	192	128
- Forenkla grunnlagt orskurd	391	448
- Hevingsavgjerd	5	4

GUNSTPROSENT I ETTERSLEPSPROSJEKTET	2024	2025
Heil/delvis omgjering (%)	8 %	5 %
Oppheva og vist vidare (%)	3 %	2 %
Gunstprosent	11 %	7 %

3.2.14 Beskriving av samarbeidet med andre verksemder i klage- og ankesakskjeda

Trygderetten opplever samarbeidet med andre verksemder i klage- og ankesakskjeda som godt. Det er i 2025 gjennomført to kontaktmøte med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Nav klageinstans.



«Å jobbe i Trygderetten blir opplevd som svært meiningsfylt fordi vi bidreg til å sikre rettstryggleiken og utvikle velferdsrettane i Noreg. I rolla som saksbehandlar får eg vere med på å strukturere arbeidet på nye måtar og bidra til eit robust og engasjert fagmiljø.»

Hege, saksbehandlar

Prognoseutvalet, det vil seie arbeidsgruppa mellom Arbeids- og velferdsdirektoratet, klageinstansen i Nav og Trygderetten, har hatt halvårige arbeidsmøte med utveksling av grunnlagsdata. Det er avgjort at prognoseutvalet skal avviklast etter omorganiseringa av direktoratet i 2025.

Det er vidare halde jamlege kontaktmøte mellom Trygderetten og klageinstansen i Nav.

Trygderetten og klageinstansen i Nav har i 2025 gjennomført eit nytt pilotprosjekt, denne gongen om sjukepengar. Prosjektet hadde som formål å hauste erfaringar med tilsvar og førebu innføring av direkte anke. Trygderetten og klageinstansen i Nav har òg gjennomført eit samarbeidsprosjekt med bakgrunn i at omgjeringsprosenten i saker om arbeidsavklaringspengar er høg. Frå hausten 2025 har vi hatt faste samarbeidsmøte om førebuing av direkte anke og om saksinngangen til Trygderetten.

3.2.15 Tiltak for å effektivisere saksbehandlingsprosessar og satsing på digitale løysingar

Trygderetten tok i bruk det nye saks- og arkivsystemet Elements Cloud Next frå 12. mai 2025.

Innføringa av det nye systemet Elements Cloud Next har gått for seg i perioden august 2024–mai 2025 og har vore svært ressurskrevjande for Trygderetten både når det gjeld eigne personalressursar og kostnader. Opphavleg skulle systemet takast i bruk frå 10. februar, men det blei seinare utsett til 28. april og deretter til 12. mai.

Trygderetten har i 2025 arbeidd saman med mellom andre Statens sivilrettsforvaltning og andre relevante aktørar om å utvikle ein søknadsportal for rettshjelp. Systemet blei sett i drift frå 15. oktober 2025.

3.3 Prosjekt i 2025

3.3.1 Førebuing av direkte anke

Saksbehandlarprosjektet

For å vere førebudde på direkte anke, som trer i kraft 1. januar 2027, har Trygderetten frå våren 2025 hatt eit samarbeidsprosjekt med ei gruppe administratorar og saksbehandlarar. Prosjektet er eit viktig ledd i førebuinga for å handtere nye og fleire administrative oppgåver og å avlaste administratorane slik at den nye seksmånadersfristen blir halden.

I dag har prosjektet tre saksbehandlarar og elleve administratorar, som er fordelte etter kapasitet og behov. Kvar saksbehandlar støttar minst tre administratorar til kvar tid. Sidan april 2025 har det skjedd endringar i kva for administratorar som deltek, og det er planar om utskifting periodevis for å byggje erfaring hos begge partar og slik at flest mogleg administratorar får testa korleis det er å samarbeide med ein saksbehandlar, før 1. januar 2027.

Oppgåvene administratorar kan gi til saksbehandlaren, er

- vurdering av søknader om fri sakføring
- utkast til brev og annan kontakt med partane i saka
- utkast til avvisingsorskurd
- utkast til hevingsavgjerd

Pilotprosjekt med klageinstansen i Nav

I 2024 etablerte klageinstansen i Nav og Trygderetten eit samarbeidsprosjekt. Formålet var å opparbeide erfaringar i samsvar med forslaga i NOU 2023: 11 *Raskt og riktig*. Det er gjennomført tre pilotprosjekt i perioden januar 2024 til juni 2025.

Det blei gitt følgjande mandat til pilotprosjekta:

- hauste erfaringar med ei raskare og enklare oversending av ankesaka for å kunne vurdere anke/stemning direkte til Trygderetten
- vurdere moglege forenklingar og forbetringar i arbeidsprosessane i Trygderetten og klageinstansen i Nav, jf. beskrivinga av saksflyten i ankeprosessen i punkt 6.5 og 6.6 (og figur 6.2 og 6.3) i NOU-en, inkludert endring av oversendingsbrevet til anke-motparten, mellom anna slik at dei gir noko meir inntrykk av å vere «tilsvar» til anken, til dømes med endra dokumenttilvising/dokumentsamling
- etablere ei eiga prosessavdeling i klageinstansen i Nav, jf. tilrådinga til utvalet i kapittel 14 om ei eiga avdeling i klageinstansen for handtering av saker for Trygderetten
- lære opp saksbehandlarar i å støtte administratorane med administrative og enklare juridiske oppgåver

Prosjekt direkte anke

I november 2025 starta prosjektet med direkte anke. Det overordna formålet med prosjektet er å gjere Trygderetten i stand til å møte dei regelverksendringane som trer i kraft 1. januar 2027. Prosjektet skal både komme med tilrådde tiltak til leiargruppa og gjennomføre dei tiltaka leiargruppa vedtek i prosjektperioden.



«Som prosjektleiar for ‘Direkte anke’ jobbar eg saman med dyktige kollegaer for å førebu Trygderetten på lovendringane i 2027, slik at overgangen går smidig og saksbehandlingstida blir halden kort. Jobben er givande, og vi bidreg til noko viktig. Trygderetten er verkeleg ei skjult perle.»

Hanne, prosjektleiar for «Direkte anke»

Så langt er det kartlagt at prosjektet skal leggje til rette for direkte anke på desse områda:

- mottak av ankar, kravsmål og merknader frå den ankande parten (inkludert pro-
sessfullmektig)
- organisering, saksflyt og nye arbeidsoppgåver for administrasjonsavdelinga
- eventuell etablering av publikumsmottak
- internettløyising, informasjon og kommunikasjon
- behandling av gamle saker

For kvart av desse arbeidsområda er det etablert ei eiga arbeidsgruppe. Prosjektet involverer mange av dei tilsette i Trygderetten, gjennom desse arbeidsgruppene og prosjektgruppa. Arbeidsgruppene blir leidde av medlemmer frå prosjektgruppa.

Prosjektet legg òg opp til ekstern kontakt og samarbeid. Det er utarbeidd eit mandat for prosjektet, med milepålsplan og detaljerte framdriftsplanar for kvar av arbeidsgruppene. Det mest avgjerande for kor vellykka prosjektet blir, vil vere at vi får på plass teknisk løysing for mottak av anke i god tid før 1. januar 2027. Dette har høgaste prioritet i prosjektet.

3.3.2 Ny leigekontrakt

Leigekontrakten til Trygderetten går ut 31. desember 2027. I samband med dette er det sett i gang eit arbeid med støtte frå Statsbygg til å inngå ny leigekontrakt og eventuelt finne nye lokale. I arbeidet er det viktig at medarbeidarane i Trygderetten er representerte, og det er fastsett ei prosjektgruppe med representantar for dei ulike rollene i Trygderetten i tillegg til ei styringsgruppe.

Som følgje av lovendingane om direkte anke som trer i kraft 1. januar 2027, skal lokala òg innfri det endra bruksbehovet. Det må mellom anna takast omsyn til at Trygderetten eventuelt må ha eit publikumsmottak.

Planen er å signere ny leigekontrakt på seinhausten 2026.

3.3.3 Avlevering av arkivmateriale

Det er sett i gang eit arbeid med avlevering av arkivet til Trygderetten, og dette gjeld både analogt og digitalt arkivmateriale.

Trygderetten innførte eit nytt saks- og arkivsystem i 2025. Som følgje av dette er det arbeid med fullføring og avlevering av den gamle databasen til Nasjonalarkivet. I tillegg har Trygderetten eit stort omfang av analogt arkivmateriale som dels blir oppbevart i eit arkiv i lokala til Trygderetten og dels i eit fjernarkiv. Det er arbeid aktivt med å få oversikt over materialet i samband med kassasjon, avlevering og eventuell mediekonvertering. Arbeidet skjer i samarbeid med Asta og Nasjonalarkivet. Dette arbeidet held fram i 2026.

3.4 Fellesføringar for 2025

3.4.1 Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Vi skal rapportere om desse tiltaka som påverkar klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk:

- Plattformene til IT-leverandørane våre omfattar delte tenester med ein stor kundemasse gjennom skya. Slike delte tenester bidreg til eit lågare klimaavtrykk og betre utnytting av ressursar. Trygderetten får årleg tilgang til berekraftsrapportane til leverandørane.
- Vi nyttar dei fellesavtalane som Statens innkjøpssenter inngår, og der strenge krav til klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk er ein del av tildelingskriteria.
- I den grad Trygderetten sjølv inngår avtalar, blir det stilt krav til klima og miljø i kravspesifikasjonen.
- Gardeigaren vår har tydeleg definerte mål om miljøsparande tiltak og stiller dessutan høge krav til samarbeidspartnarane og leverandørane sine. Grunnlaget for GLOBAL (global thinking – local action) er den internasjonale BREEAM-standard, energimerking frå NVE og sjølvpålagde tiltak og mål frå gardeigaren, inkludert kjeldesortering av avfall, tiltak for redusert vassforbruk, bruk av materiale og tekniske løysingar som reduserer energibruken, m.m.

3.4.2 Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing

Trygderetten skal i årsrapporten føre opp kor mange med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring som blei tilsette i 2025, og det samla talet på tilsette i verksemda i 2025. Verksemda skal òg omtale utviklinga i 2025 sett opp mot det verksemda har rapportert for 2024.

I 2025 hadde Trygderetten tre stillingsutlysingar, og alle utlysingane var stillingar i administrasjonen. Vi rekrutterte ein seksjons- og arkivleiar, to saksbehandlarar og fire saksflytmedarbeidarar.

Trygderetten ønskjer fleire søkjarar med funksjonsnedsetjingar eller høl i CV-en og oppmodar dei om å søkje i våre stillingsutlysingar.

3.4.3 Redusere konsulentbruken

KJØPTE TENESTER	2023	2024	2025
Karriererådgiving i samband med omstilling	189 000	–	–
Juridisk bistand i samband med arbeidsrett	162 625	84 200	742 306
Juridisk bistand i samband med innkjøpsrett	370 475	697 098	194 713
Juridisk bistand i samband med personvern	17 128	456 004	674 580
Rekrutteringsbistand	–	–	–

Kommunikasjonsbistand	100 000	-	-
Analyse av adm. og øk. konsekvensar, <i>NOU 2023: 11 Raskt og riktig</i>	-	705 375	-
Rådgiving i samband med levering av arkivmaterieill	-	-	46 200
Rådgiving i samband med tryggleiksleiing	-	-	172 672
Støtte i samband med ny leigekontrakt for kontorlokale	-	-	40 793
Anna	8 000	56 003	47 750
Korreksjonar	102 515	-102 515	37 693
Delsum	949 743	1 896 164	1 956 706
Forprosjekt for nytt saks- og arkivsystem	879 713	51 888	-
Innføring av nytt saks- og arkivsystem	-	1 674 466	2 826 207
Konsulentstøtte, grensesnitt til ny rettspleieapplikasjon (RAPP)	-	11 790	699 915
SUM	1 829 456	3 634 308	5 482 828

* Trygderetten fører frå 2024 rekneskapen sin etter periodiseringsprinsippet i staten. 2023 er korrigerert i tråd med dette prinsippet for å få tal som kan samanliknast.

område der vi ikkje har eigen spisskompetanse. Kjøp av konsulentbistand har i 2025 primært vore knytt til juridisk bistand innanfor rettsområda arbeidsrett, personvern og innkjøpsrett. Utover dette er tenestekjøpet knytt til nytt saks- og arkivsystem.

Trygderetten har ikkje kjøpt støtte frå kommunikasjonsbransjen i 2025.

Elles viser vi til nærmare omtale i note 4 i årsrekneskapen.



4 Styring og kontroll av verksemda

Trygderetten er ein uavhengig ankeinstans som skal ta avgjerder om rettane og pliktene til enkeltpersonar etter lov om folketrygd mfl., jf. lov av 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten.

Trygderetten nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Styringsdialogen går fram av instruksen og tildelingsbrevet frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID), og det har vore gjennomført to etatsstyringsmøte i 2025. Utover etatsstyringsmøta har Trygderetten og departementet kontinuerleg dialog etter behov.

Trygderetten deltek i samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Nav klageinstans i eit prognoseutval som har møte to gonger i året. Formålet er å kunne gi Trygderetten prognosar for venta saksinngang frå den største ankemotparten. Dette vil gi Trygderetten best mogleg føresetnader for å planleggje saksavviklinga. Prognosane blir utarbeidde for det inneverande året og dei to påfølgjande åra. Det er avgjort at prognoseutvalet skal avviklast i 2025. Trygderetten vil i 2026 halde fram med samarbeidsmøte med klageinstansen i Nav, og direkte anke og saksinngangen til Trygderetten vil vere tema på desse møta.

Strategiplanen for Trygderetten (2023–2025) skal bidra til at Trygderetten oppfyller formålet sitt i tråd med føresegnene i trygderettslova og styringsparametrane i tildelingsbrevet frå departementet.

4.1 Internkontroll

Internkontroll er eit leiaransvar og ein nødvendig føresetnad for god styring. Internkontrollen vår er tilpassa vår risiko, vesentlegheit og eigenart og gir ein rimeleg tryggleik for at drifta er målretta og effektiv, at rapporteringa internt og eksternt er påliteleg, og at verksemda held lover og reglar.

Internkontrollen omfattar ulike system, rutinar og tiltak og er innebygd i den daglege drifta og styringa av Trygderetten. Han omfattar òg verksemdsovergrepande system og strukturar som fullmakter, fordeling av roller og ansvar.

I 2025 har Trygderetten revidert lønnspolitikken, personalreglementet, personalhandboka, retningslinjene for behandling av personopplysningar i Trygderetten og beredskapsplanen. Det er gjennomført beredskapsøving og fleire phishing-øvingar i regi av driftsleverandøren vår, Intility, og vi har teke i bruk Intility Mobility Management. Dette er ei løysing for tryggleik og administrasjon av mobile einingar som gjer det mogleg å setje reglar for bruk av e-post, kalender og andre appar på private mobiltelefonar. Løysinga sikrar òg at tilgangen til data blir fjerna når ein tilsett sluttar, eller liknande.

Månadleg blir det utarbeidd rapportar som presenterer status på rapporteringskrava gitt i tildelingsbrevet frå departementet. Talgrunnlaget blir deretter drøfta i leiarmøtet i Trygderetten.

Trygderetten utformar ein årleg verksemdsplan. Eit sentralt element i verksemdsplanen er ein periodisert plan for produksjon av orskurdar. Produksjonsplanen er broten ned på avdelingsnivå og deretter på kvar enkelt medarbeidar som deltek i ankesaksbehandlinga. Produksjonsplanen blir følgd opp månadleg både i leiinga av Trygderetten og i kvar enkelt fagavdeling. I tillegg blir det gjort kontinuerlege vurderingar av tiltak for å auke produksjonen i leiarmøte og på leiarsamlingar gjennom året.

4.2 Risikovurdering

Risikovurderingar er ein del av den ordinære drifta vår. Dei har som formål å avdekkje dei faktorane som ein vurderer vil ha størst påverknad på den evna Trygderetten har til å nå måla i tildelingsbrevet og å gjennomføre ei forsvarleg og effektiv drift.

4.3 Digital tryggleik

Vi har ei risikobasert tilnærming til digital tryggleik og nyttar anerkjende rammeverk/standardar, og tryggleiken i den daglege IKT-drifta er regulert gjennom avtalar med underleverandørane våre.

Vi deltek i sektorvist responsmiljø (SRM). Formålet med ein SRM er å sikre at alle relevante aktørar innanfor departementsområdet raskt får korrekt varslingsinformasjon og blir sette i stand til å gjere nødvendige tiltak ved ei digital hending.

I samband med etableringa av eit nytt saks- og arkivsystem har Trygderetten òg skaffa tilleggsmøduklar som skal bidra til å sikre at regelverket om personvern og informasjonstryggleik blir halde.

4.4 Kommunikasjon

Trygderetten legg vekt på ein heilskapleg og målretta kommunikasjon mot brukarane våre, samarbeidspartnarar og samfunnet elles. På nettsidene våre blir det gitt informasjon om ankeprosessen, statistikk m.m., og på intranettsidene våre publiserer vi heile vegen relevant informasjon for dei tilsette.



«Trygderetten er ein spennande stad å jobbe, med eit stort juristmiljø og med tverrfagleg samarbeid med medisinarar og attføringskunnige. Det er utviklande å vere leiar for så kunnskapsrike medarbeidarar og kunne bidra til strategisk retning for Trygderetten.»

Karianne, avdelingsleiar

I 2025 blei det utarbeidd ein kommunikasjonsstrategi. Denne strategien gir føringar for både intern og ekstern kommunikasjon. Vi har òg valt å nytte oss av LinkedIn som kommunikasjonskanal.

Trygderetten har sidan 2020 avtale med Stiftelsen Lovdata om aidentifisering og publisering av dei forenkla og fullt grunngitte orskurdane til Trygderetten, som inneber at avgjerdene til Trygderetten blir tilgjengeleggjorde kort tid etter at dei er tekne. Publiseringa av orskurdane skjer både på dei opne sidene til Lovdata og på dei sidene som berre er for dei profesjonelle brukarane.

4.5 Økonomi

Leiaren av Trygderetten har ansvaret for at dei økonomiske ressursane til Trygderetten blir disponerte i samsvar med føresetnadene for løyvingane, slik dei går fram av tildelingsbrev frå departementet og i samsvar med dei føresegnene som gjeld for økonomiforvaltninga i staten til kvar tid. Trygderetten er ei mindre verksemd, og fullmaktene er delegerte på få tilsette. Budsjettdisponeringsmyndigheita ligg til leiaren av Trygderetten, fagdirektøren og administrasjonsdirektøren. Bestillingsfullmaktene ligg hos eit fåtal tilsette i

administrasjonsavdelinga. Elles viser vi til økonomiinstruksen til Trygderetten og instruksjonen frå departementet om verksemds- og økonomistyring for Trygderetten.

Trygderetten er fullservicekunde hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) når det gjeld rekneskaps- og lønnsstenester og elektronisk fakturabehandling.

Trygderetten er som andre statlege verksemdar underlagd kontroll av Riksrevisjonen. Riksrevisjonen har ikkje hatt rekneskapsmessige merknader som har kravd oppfølging i 2025. Revisjonen av 2025-rekneskapan har starta og vil liggje føre i løpet av våren 2026.

4.6 Innkjøp

Trygderetten nyttar dei rammeavtalane som blir administrerte gjennom Statens innkjøps-senter. Daglege driftskostnader er regulerte gjennom avtalar, normalt med ei tidsav-grensing på tre til fem år. Trygderetten inngår relativt få eigne kontraktar utover statens felles rammeavtalar der oppfølging av lønns- og arbeidsvilkåra til leverandøren er rele-vant.

I den grad vi gjennomfører eigne innkjøp, hentar vi normalt inn minst tre tilbod for avtale-verdiar under terskelverdien. Over terskelverdien vil Trygderetten alltid gjennomføre kon-kurransen i samsvar med det gjeldande innkjøpsregelverket. I 2025 er det gjennomført inn-kjøp i eigen regi av avtalar om

- rådgivingstenester innanfor informasjonstryggleik og personvern
- rådgivingstenester innanfor offentlege innkjøp
- juridisk støtte innanfor HR-området
- rådgivingsteneste innanfor tryggleiksleiing
- støtte til innkjøp av ny leigekontrakt for kontorlokale
- støtte til arkivfaglege vurderingar



5 Vurdering av framtidsutsikter

Innføringa av direkte anke og seksmånadersfristen for ankesaksbehandlinga inneber store endringar for Trygderetten. Desse lovendingane er i samsvar med forslaga i NOU 2023: 11 *Raskt og riktig* og blir sette i kraft frå 1. januar 2027. Endringane skal sikre at private partar som ankar over pensjons- og trygdevedtak, får ei rask og framleis trygg behandling av saka si.

Året som kjem, er eit spennande år for Trygderetten. Vi skal i løpet av året inngå ny leige-kontrakt som skal gjelde frå 2028. Trygderetten fekk god støtte frå Statsbygg då den eksisterande leige-kontrakten blei inngått, og er glad for å ha denne støtta i 2026 òg.

I løpet av 2026 skal det leggjast eit godt grunnlag for å innføre direkte anke frå 1. januar 2027. Det er ei rekkje spørsmål som må greiast ut og takast stilling til om innføringa av direkte anke skal lykkast. Til dømes må det vurderast kva for endringar i saksflyten som må gjerast for å kunne innfri seksmånadersfristen for ankesaksbehandlinga. Det må leggjast til rette for eit eventuelt publikumsmottak, og ei ny rettleiingsoppgåve må takast hand om overfor partane. Det må undersøkjast kva for ressursar og kompetanse medarbeidarane i administrasjonsavdelinga treng for å kunne avlaste administratorane i ankesaksbehandlinga og elles ta hand om andre framtidige oppgåver. Det må òg vurderast kor mange rettsmedlemmer det vil vere behov for, sett i lys av prognosar for saksinngangen og organiseringa av administrasjonsavdelinga. Det er sett ned ei prosjektgruppe som skal greie ut desse spørsmåla og utarbeide avgjerdsgrunnlag for styringsgruppa.

Ein føresetnad for å kunne innføre direkte anke er at Trygderetten har etablert ei teknisk løysing for å kunne ta imot ankar frå dei private partane og advokatane deira. Å lage denne løysinga og ha god tid til å teste at mottaket av saker fungerer, har høgaste prioritet i prosjektgruppa.

For å lykkast med innføringa er det viktig at saksbeholdninga i Trygderetten ikkje er for stor. Saksbeholdninga til Trygderetten er vesentleg redusert dei siste åra, men ho må nedarbeiddast ytterlegare i løpet av 2026. Nedarbeiding av etterslepet føreset at saksavviklinga i 2026 er vesentleg høgare enn saksinngangen. Vi vil arbeide for å ha så mange rettsmedlemmer som mogleg innanfor den budsjetttramma vi disponerer, og for at vi saman bruker ressursane på best mogleg måte. Vi vil mellom anna vurdere endringar i opplæringsopplegget for nytilsette. Vidare ønskjer vi, grunna tidlegare positive erfaringar, å ha fleire prosjekt innanfor saksavviklinga i 2026, der medarbeidarane arbeider i mindre grupper med eit avgrensa saksområde i ei avgrensa tid.

Leiinga har månadleg kontakt med klageinstansen i Nav for å hente inn tilgjengeleg informasjon om kommande saksinngang. Ved innføringa av direkte anke er verksemdene gjensidig avhengige av kvarandre for å lykkast. Begge verksemdene må ha nedarbeidd saksbeholdninga si for å sikre at perioden der ankesaker skal behandlast etter to regelverk, blir så kort som mogleg. For å halde saksbehandlingsfristen på seks månader vil Trygderetten dessutan vere avhengig av at klageinstansen til Nav held tilsvarsfristen for saker som kjem inn etter 1. januar 2027. Klageinstansen til Nav er den ankemotparten som har flest saker i Trygderetten, men dei same føresetnadene vil òg gjelde dei andre ankemotpartane.



6 Årsrekneskap

6.1 Leiingskommentar til årsrekneskapen 2025

Trygderetten er ei bruttobudsjettert verksemd som frå 2025 fører og rapporterer verksamdsrekneskapen sin i samsvar med periodiseringsprinsippet i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Vi nyttar tenestemodellen grunnteneste hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for både rekneskapstenester, elektronisk fakturabehandling og lønnstenester.

6.2 Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

6.3 Vesentlege forhold ved årsrekneskapen

Løyvingsrapportering:

KAPITTEL 606 TRYGDERETTEN, POST 01 DRIFTSUTGIFTER	2025
Løyving ut frå saldert budsjett for 2025	120 760 000
Overført frå førre termin	6 102 000
Kompensasjon for lønnsoppgjæret 2025	2 802 000
Sum løyving	129 664 000
Rekneskap per 31.12.2025	125 244 849
Mindreutgift	4 419 151
Sum mogleg overførbart beløp til 2026	4 419 151

I 2025 har Trygderetten samla disponert tildelingar til drift på 129,664 millionar kroner. Samla tildeling omfattar opphavleg tildeling for 2025, overført beløp frå 2024 og kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2025.

Trygderetten disponerte i tillegg to belastingsfullmakter på budsjettkapittelet til Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 i samband med:

- Løpande utbetalingar til fri sakføring, kap. 470 post 70 – Fri rettshjelp

Etter lov om fri rettshjelp kan Trygderetten innvilge fri sakføring. Fri sakføring kan innvilgast i ankesaker etter lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten dersom dei økonomiske vilkåra i lov om fri rettshjelp § 16 andre eller fjerde ledd er oppfylte. Budsjettfullmakt for 2025 er gitt i tildelingsbrev frå Justis- og beredskapsdepartementet av 19. desember 2024.

- Kostnadene til Trygderetten i samband med utvikling av ny systemløyising for fri rettshjelp, kap. 470 post 01 – Driftsutgifter

Trygderetten har i belastingsfullmakt av 9. april 2025, seinare justert i belastingsfullmakter av 1. juli og 12. september, fått fullmakt til å belaste kapittel 470, post 01 med 1 150 000 kroner i samband med utvikling av ny systemløyising for fri rettshjelp.

Det er utgiftsført kostnader til investeringar i 2025 på 0,833 millionar kroner. Dette gjeld kjøp av PC-ar, AV-utstyr og kontorinventar.

Dei samla utgiftene Trygderetten hadde til drifta i 2025, var på 125,245 millionar kroner. 77 prosent av dette var lønn og sosiale kostnader, og 23 prosent var andre driftskostnader. Dei samla utgiftene til drifta er om lag 6 prosent høgare i 2025 enn i 2024.

Trygderetten har eit netto mindreforbruk på 4,419 millionar kroner i 2025. Dei unytta driftsmidlane kjem til bruk i 2026 i samband med nye tilsetjingar for nedbygging av etterslep med bakgrunn i ei førebuing til innføring av direkte anke til Trygderetten, jf. *NOU 2023: 11*.

Mellomvære med statskassen utgjorde 8,944 millionar kroner per 31. desember 2025. Mellomværet ved årsslutt omfatta 3,972 millionar kroner i skyldig skattetrekk og anna kortsiktig gjeld på 4,972 millionar kroner.

Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen er opplyst i note 6 B.

Verksemdsrekneskapen

Dei samla utgiftene Trygderetten hadde til drifta i 2025, var på 136,311 millionar kroner. Av dette utgjorde lønnskostnadene om lag 71 prosent, om lag 20 prosent var andre driftskostnader, om lag 8 prosent var utbetalingar til fri saksføring, og om lag 1 prosent var avskrivningar av varige driftsmiddel.

Lønnskostnader

Lønnsutgiftene, inkludert arbeidsgivaravgift m.m. og korrigert for refusjonar, kom på 97,277 millionar kroner i 2025 (note 2). Trygderetten fekk i 2024 styrkt løyvinga si med 6,650 millionar kroner til tilsetjing av konstituerte juskkunnige rettsmedlemmer. Dette skjedde i samband med etableringa av eit restansenedbyggingsprosjekt som følgje av NOU 2023: 11 *Raskt og riktig*. Styrkinga av driftsløyvinga til Trygderetten til å gjennomføre eit ettersleppsprosjekt er ført vidare for perioden 2025–2026.

Samla årsverksforbruk i 2025 var på 67,4 årsverk, mot 65,6 i 2025.

Trygderetten har også i 2025 hatt endringar i bemanninga i verksemda. Tolv juristar (åtte rettsfullmektigar og fire konstituasjonar) og seks administrasjonsmedarbeidarar (tre saksbehandlarar og tre timelønte studentar) har starta arbeidsforholda sine. Ni tilsette har slutta i løpet av året. Dette har skjedd ved avgang med ordinær alderspensjon, overgang til andre stillingar utanfor Trygderetten og avslutting av åremål. Fem medarbeidarar har vore i permisjon heile eller delar av året.

Trygderetten fekk refusjon av sjuke- og foreldrepengar på 2,086 millionar kroner i 2025. Dei samla refusjonane fordeler seg med om lag 60 prosent sjukepengar og 40 prosent foreldrepengar. Refusjonane for året ligg om lag 13 prosent høgare enn det Trygderetten fekk i 2024. Trygderetten hadde i 2025 eit sjukefråvær på om lag 4,6 prosent (eigen- og legemeldt sjukefråvær). Dette er 0,4 prosentpoeng lågare enn IA-målet til verksemda og 1,2 prosentpoeng høgare enn fjoråret.

Pensjonskostnader

Trygderetten har i 2025 teke imot fakturaer for seks terminar og betalt totalt 10,268 millionar kroner til Statens pensjonskasse. Etter samråd med DFØ/SPK blei pensjonskostnaden justert opp ved ei avsetning på 0,139 millionar kroner for å få ein korrekt pensjonskostnad for 2025 på 10,407 millionar kroner. Beløpet fordeler seg med ein arbeidsgivardel på 8,875 millionar kroner og ein arbeidstakardel på 1,532 millionar kroner. Arbeidsgivardelen av pensjonskostnadene er 1,181 millionar kroner lågare i 2025 enn i 2024. Dette gjeld sjølv om både talet på årsverk og lønnsgrunnlaget er høgare enn i 2024. Storleiken på arbeidsgivardelen i år er på høgd med det han var i 2022. Fakturert pensjonspremie for 2025 er basert på ein oppdatert årsprognose av 9. oktober 2025 frå Statens pensjonskasse (SPK). I denne prognosen er det nytta lik lønnsvekst for alle tilsette i utrekninga av pensjonspremie

i staden for individuell lønnsvekst. Ved innføringa av ny offentleg tenestepensjon frå 1. januar 2020 fekk vi ulike regelverk for tilsette som var fødde i 1962 eller før, og tilsette som var fødde i 1963 eller seinare. Dette blir det teke omsyn til ved utrekning av premien. Pensjonspremien er også avhengig av lønna til dei tilsette, alder og oppteningstid m.m.

Andre driftskostnader

Andre utbetalingar til drift utgjorde 37,906 millionar kroner i 2025, mot 36,182 millionar kroner i 2024.

Om lag 26 prosent av samla andre utgifter gjeld husleige og andre kostnader i samband med lokala til Trygderetten i Sandakerveien 130, og om lag 27 prosent er kostnader i samband med utbetaling av midlar til fri saksføring. Vidare utgjør IT-kostnadene til Trygderetten om lag 20 prosent. Konsulentbruken er nærmare omtalt i punkt 3.1.

Andre utbetalingar til drift er 1,725 millionar kroner (ca. 5 prosent) høgare enn det som blei utgiftsført i 2024. Hovudårsaka til dette utover ei normal prisstigning på tenester er ein-gongsutgifter i samband med innføringa av nytt saks- og arkivsystem.

Trygderetten fekk styrkt løyvinga si i 2024 på 2,700 millionar kroner til innkjøp av eit nytt saks- og arkivsystem. Delar av dette beløpet blei overført som unytta til 2025. Systemet blei teke i bruk frå 12. mai 2025, og ein er no i ein normal driftssituasjon.

Tilgangane av varige driftsmiddel for året utgjør 0,556 millionar kroner i 2025 (note 3) og omfattar PC-ar, oppgradering av AV-utstyr og litt mindre inventar.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er revisor og stadfestar årsrekneskapen for Trygderetten. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per 12. mars 2026. Revisjonsmeldinga vil, når ho ligg føre, bli publisert saman med årsrapporten på nettsidene våre.

Oslo, 12. mars 2026



leiar av Trygderetten

6.4 Prinsippnote – løyving- og artskontorrapportering

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemdar er utarbeidde og leverte etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærmare føresegner i rundskriv R-115 av desember 2025 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til den statlege konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen for samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen, og derfor er dei ikkje viste som inntekt i artskontorrapporteringa.

6.5 Oppstilling av løyvingsrapporteringa per 31. desember 2025

Utgiftskap.	Kapittelnamn	Post	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Mindre-utgift
0606.	Trygderetten	01, driftsutgifter	A, B, C	129 664 000	125 244 849	4 419 151
0470.	Fri rettshjelp	01, driftsutgifter	B	0	11 180 752	
1633.	Nettoordning, statleg betalt mva.	01, driftsutgifter		0	4 520 129	
Sum utgiftsført				129 664 000	140 945 730	

Inntektskap.	Kapittelnamn	Post	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meir- og mindre-inntekt (-)
5700	Inntekter til folketrygda	72, Arb.giv.avgift	0	11 981 778	
Sum inntektsført			0	11 981 778	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	128 963 952
---	--------------------

Kapitalkontoar		
60 064 701	Noregs Bank KK / innbetalingar	2 135 322
60064702	Noregs Bank KK / utbetalingar	-130 679 465
706 544	Endring i mellomvære med statskassen	-419 810
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	2025	2024	Endring
706544	Mellomvære med statskassen	-8 943 966	-8 524 156	-419 810

Note A: Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
0606.01	6 102 000	123 562 000	129 664 000

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Mindreutgift	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp**	Mogleg overførbart beløp som er rekna ut av verksemda***
0606.01		4 419 151	4 419 151	6 178 100	4 419 151

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga i år på driftspostane 01–29, unnateke post 24, eller summen av løyvinga for dei siste to åra for postar med stikkordet «kan overførast». Sjå årleg rundskriv R-2 for meir informasjon om overføring av ubrukke løyvingar.

** Sjå årleg rundskriv R-2 for meir informasjon om mogleg overførbart beløp.

Mottekne belastingsfullmakter

Kapittel og post	Fullmaktsbeløp	Utgifter	Ubrukt
470.01	Etter behov	10 030 752	0
470.01	1 150 000	1 150 000	0

Statsbudsjettet 2025 – belastingsfullmakt, Trygderetten, kap. 470, post 01 av 19. desember 2024:

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Prop. 1 S (2024–2025) for Justis- og beredskapsdepartementet, jf. Innst. 6 S (2024–2025). Trygderetten fører utgifter etter reglane i rettshjelplova på kap. 470, post 01. Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakføring etter reglane i rettshjelplova. I tillegg dekkjer løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelplova.

Justis- og beredskapsdepartementet gir med dette Trygderetten fullmakt til å rekneskapsføre utgifter etter reglane i lov om fri rettshjelp (rettshjelplova) på kap. 470 Fri rettshjelp, post 01 Driftsutgifter.

Statsbudsjettet 2025 – belastingsfullmakt, Trygderetten, kap. 470, post 01 av 12. september 2025:

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) viser til punkt 3.1 i tildelingsbrevet til SRF for 2024 og punkt 3.2 i tildelingsbrevet til Trygderetten for 2024. I punkta omtaler ein oppdraget til verksemdene i samband med etableringa av ein felles rettshjelpsapplikasjon. SRF viser òg til belastingsfullmakt av 9. april 2025 og 1. juli 2025.

Trygderetten får fullmakt til å belaste 1 150 000 kroner.

Note C: Oversikt over binding på løyvingar for framtidige år

Avtalar om leige av kontorlokale

Attverande tid per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av løyvinga for neste år	Av løyvinga for seinare år	Samla binding på løyvingane for framtidige år
Tid: inntil 1 år				0
Tid: 1–5 år	7 256 900	7 256 900	7 256 900	14 513 800
Tid: over 5 år				0
Totalt	7 256 900	7 256 900	7 256 900	14 513 800

Årleg leigebeløp i tabellen ovanfor er eksklusiv felleskostnader og sju parkeringsplassar. Leigekontrakten Trygderetten har med gardeigaren, går fram til og med 31. desember 2027. Arbeidet med å inngå ny leigekontrakt er starta opp i samarbeid med Statsbygg, og det er venta ei avklaring i løpet av hausten 2026.

Andre vesentlege leigeavtalar: *)

Attverande tid per 31.12.	Årleg leige-beløp	Av løyvinga for neste år	Av løyvinga for seinare år	Samla binding på løyvingane for framtidige år
Tid: inntil 1 år				0
Tid: 1–5 år	2 353 056	2 353 056	2 353 056	4 706 113
Tid: over 5 år				0
Totalt	2 353 056	2 353 056	2 353 056	4 706 113

* Andre vesentlege leigeavtalar:

Omfattar hovudsakleg årlege lisensavgifter. For rekneskapsåret 2025 blir det lagt til grunn at det berre er dei største avtalane det blir opplyst om:

- Adobe Pro-lisensar, årleg fornying
- rettskjeldelisensar, årleg fornying
- publisering av avgjerdene til Trygderetten på Lovdata (avtalen gjeld i tre år frå leveringsdagen og blir automatisk fornya for eitt år om gongen)
- saks- og arkivsystemet Elements Cloud Next (avtalen gjeld i tre år frå leveringsdagen og blir automatisk fornya for eitt år om gongen)
- avtale om medieovervaking

I tillegg kjem ein avtale om reinhald av kontorlokala som gjeld i eitt år om gongen.

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester:

Attverande tid per 31.12.	Årleg beløp	Av løyvinga for neste år	Av løyvinga for seinare år	Samla binding på løyvingane for framtidige år
Tid: inntil 1 år				0
Tid: 1–5 år	12 322 864	9 362 424	8 056 988	17 419 412
Tid: over 5 år				0
Totalt	12 322 864	9 362 424	8 056 988	17 419 412

Vesentlege avtalar om kjøp av tenester (konsulenttenester og andre framande tenester):

For rekneskapsåret 2025 blir det lagt til grunn at det berre er dei største avtalane det blir opplyst om:

- avtale om aidentifisering av avgjerdene til Trygderetten (avtalen gjeld i tre år frå leveringsdagen og blir fornya automatisk for eitt år om gongen, med mindre kunden seier han opp)
- avtale om tenester for IT-drift og -støtte (avtalen gjeld i tre år rekna frå oppstartsdagen for ordinær drift og blir deretter fornya automatisk for eitt år om gongen, med mindre kunden seier han opp)
- avtale om kjøp av lønns- og rekneskapstenester frå DFØ (avtalen blir automatisk fornya for eitt år om gongen, med mindre kunden seier han opp)
- avtale om kjøp av fjernarkivtenester (avtalen er under oppseiing i samband med avlevering/kassasjon av historisk analogt og digitalt arkivmaterieil til Nasjonalarkivet)
- avtale om hjelp frå Statsbygg til å inngå ny leigeavtale for kontorlokale, enkeltstående kjøp i 2025–2026
- avtale om støtte til innføring av nytt saks- og arkivsystem, enkeltstående kjøp i samband med innføring

Avtalar utan kjøpsplikt:

- rammeavtale om timebasert hjelp til offentlege innkjøp (støtta kan givast løpande til den øvre økonomiske ramma på 1,2 millionar ekskl. mva. er nådd)
- rammeavtale om timebasert støtte og rådgiving på HR-området (støtta kan givast løpande til den øvre økonomiske ramma på 1,2 millionar ekskl. mva. er nådd)
- rammeavtale om timebasert bistand på personvernområdet (støtta kan givast løpande til den øvre økonomiske ramma på 1,3 millionar ekskl. mva. er nådd)
- avtale om timebasert bistand innanfor tryggleiksleing, enkeltstående kjøp av tenesta
- avtale om timebasert rådgivingsbistand i samband med levering av arkivmaterieil til Nasjonalarkivet, enkeltstående kjøp av tenesta

6.6 Oppstilling av artskontorrapporteringa per 31. desember 2025

Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen	31.12.2025	31.12.2024
<i>Sum innbetalinger frå drift</i>	54 069	0

Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen	31.12.2025	31.12.2024
Utbetalinger til lønn	97 825 891	93 393 768
Andre utbetalinger til drift	37 820 528	36 555 970
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	135 646 419	129 949 737

Netto rapporterte driftsutgifter	135 592 350	129 949 737
---	--------------------	--------------------

Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen

<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	0	0
---	---	---

Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen

Utbetaling til investeringar	832 893	425 753
Utbetaling av finansutgifter	358	6 362
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	833 251	432 115

Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	833 251	432 115
--	----------------	----------------

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>	0	0
--	---	---

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>	0	0
---	---	---

Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel

Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	0	0
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)	11 981 778	11 982 732
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)	4 520 129	3 679 714
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	-7 461 649	-8 303 018

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	128 963 952	122 078 835
---	--------------------	--------------------

Eigedelar og gjeld	31.12.2025	31.12.2024
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-3 972 421	-3 097 191
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-4 971 545	-5 426 965
Sum mellomvære med statskassen	-8 943 966	-8 524 156

6.7 Rekneskapsprinsipp – verksemdsrekneskap avlagd i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Opningsbalanse

Ved utarbeiding av opningsbalansen er immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel verdsette til det det ville kosta å kjøpe dei på nytt, eller verkeleg verdi. Finansielle anleggsmiddel er verdsette til verkeleg verdi.

Gjeninnkjøpsverdien for ein eigedel er det beløpet det vil koste dersom eigedelen skulle skaffast i dag, vurdert til same kvalitet, standard og funksjonalitet som den eksisterande eigedelen. Omløpsmiddel er verdsett til det det ville kosta å kjøpe dei på nytt, eller verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er verdsett til pålydande.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er tent opp. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet, altså idet overføring av risiko og kontroll er overført til kjøparen. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Det inneber at inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i takt med at aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, blir utførte, altså i den same perioden som ein pådreg seg kostnadene (motsett samanstilling).

Bruttobudsjetterte verksemdar har ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling ved at inntekt frå løyvingar blir rekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Kostnader:

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i den same perioden som den tilhøyrande inntekta.

Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i den same perioden som aktivitetane er gjennomførte og ressursane brukte opp.

Pensjonar

SRS 25 «Ytelser til ansatte» legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemnda resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Frå 2022 har SPK lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Frå 1. januar 2022 betaler verksemnda ein verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, vil seie at han blir rekna ut basert på forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingsbasert, vil seie at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemnda, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmen. Medlemsdelen på 2 prosent av lønnsgrunnlaget er uendra.

Leigeavtalar

Verksemnda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel er varige og vesentlege eigedelar som verksemnda disponerer. Varige eigedelar vil seie eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Vesentlege eigedelar vil seie eigedelar med innkjøpskostnad på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til innkjøpskostnad fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og PC-ar med tilhøyrande skjerm med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseført som eigne grupper. Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved endra bruk eller utnytting dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Eigenutvikling av programvare

Verksemnda balansefører ikkje utgifter til bruk av eigne tilsette til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare. Innføring av nytt saks- og arkivsystem i Trygderetten blir rekna for å vere operasjonell fordi dette er ei standard skyløysing. Dette er derfor ikkje balanseført.

Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel blir vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventta tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen då rekneskapsåret var slutt. Her er spotkursen frå Noregs Bank per 31.12. lagd til grunn.

Statleg kapital

Statens kapital utgjer nettobeløpet av egedelane og gjelda til verksemda og går fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja «Avrekna med statskassen».

STATLEGE RAMMEVILKÅR

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er dermed ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

Statens konsernkontoordning

Statlege verksemder er omfatta av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane til verksemda i Noregs Bank.

Verksemda får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto i Noregs Bank nullstilt ved overgangen til nytt rekneskapsår.

6.8 Resultatrekneskap

	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	136 257 474	132 472 014
Andre driftsinntekter	1	54 069	0
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>136 311 543</i>	<i>132 472 014</i>
Driftskostnader			
Lønnskostnader	2	97 276 894	95 230 692
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3	1 128 132	1 053 303
Andre driftskostnader	4	37 906 159	36 181 657
<i>Sum driftskostnader</i>		<i>136 311 185</i>	<i>132 465 652</i>
Driftsresultat		358	6 362
Finansinntekter og finanskostnader			
Finanskostnader	5	358	6 362
<i>Sum finansinntekter og finanskostnader</i>		<i>-358</i>	<i>-6 362</i>
Resultat av aktivitetane i perioden		0	0
Avrekningar og disponeringar			
<i>Sum avrekningar og disponeringar</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
	Note	31.12.2025	31.12.2024
Driftsinntekter			
Inntekt frå løyvingar	1	136 257 474	132 472 014
Andre driftsinntekter	1	54 069	0
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>136 311 543</i>	<i>132 472 014</i>

6.9 Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIGEDLAR			
A. Anleggsmiddel			
I Immaterielle eigedelar			
<i>Sum immaterielle eigedelar</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
II Varige driftsmiddel			
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	3	2 303 408	2 875 995
<i>Sum varige driftsmiddel</i>		<i>2 303 408</i>	<i>2 875 995</i>

III Finansielle anleggsmiddel			
<i>Sum finansielle anleggsmiddel</i>		0	0
Sum anleggsmiddel		2 303 408	2 875 995
B. Omløpsmiddel			
I Vare- og driftsmateriellager			
<i>Sum vare- og driftsmateriellager</i>		0	0
II Fordringar			
Andre fordringar	7	618 635	793 252
<i>Sum fordringar</i>		618 635	793 252
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
<i>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</i>		0	0
Sum omløpsmiddel		618 635	793 252
Sum egedelar drift		2 922 044	3 669 247
IV Fordringar i samband med innkrevjingsverksemd og andre overføringar			
<i>Sum fordringar i samband med innkrevjingsverksemd og andre overføringar</i>		0	0
SUM EIGEDELAR		2 922 044	3 669 247

Statleg kapital og gjeld			
	Note	31.12.2025	31.12.2024
C. Statleg kapital			
I Verksemdskapital			
<i>Sum verksemdskapital</i>		0	0
II Avrekningar			
Avrekna med statskassen (bruttobudsjetterte)	6	-20 620 597	-20 635 170
<i>Sum avrekningar</i>		-20 620 597	-20 635 170

Sum statleg kapital		-20 620 597	-20 635 170
D. Gjeld			
I Avsetjing for langsiktige forplikingar			
<i>Sum avsetjing for langsiktige forplikingar</i>		0	0
II Anna langsiktig gjeld			
<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>		0	0
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		5 421 550	7 402 482
Skyldig skattetrekk og andre trekk		3 972 421	3 097 191
Skyldige offentlege avgifter		1 595 708	1 665 811
Avsette feriepengar		8 617 023	7 755 275
Anna kortsiktig gjeld	8	3 935 937	4 383 658
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		23 542 641	23 304 416
Sum gjeld		23 542 641	24 304 416
Sum statens kapital og gjeld drift		2 922 044	3 669 247
IV Gjeld i samband med tilskotsforvalting og andre overføringar			
<i>Sum gjeld i samband med tilskotsforvalting og andre overføringar</i>		0	0
SUM STATLEG KAPITAL OG GJELD		2 922 044	3 669 247

6.10 Notar til årsrekneskapen

Note 1: Driftsinntekter

	31.12.2025	31.12.2024
Inntekt frå løyvingar*		
Inntekt frå løyvingar	136 257 474	132 472 014
Sum inntekt frå løyvingar	136 257 474	132 472 014

* Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null.

Informasjon om mottekne løyvingar er å finne i oppstillinga av løyvingsrapporteringa.

Inntekt frå tilskot og overføringar		
<i>Sum inntekt frå tilskot og overføringar</i>	0	0
Inntekt frå gebyr		
<i>Sum inntekt frå gebyr</i>	0	0
Sals- og leigeinntekter		
<i>Sum sals- og leigeinntekter</i>	0	0
Andre driftsinntekter		
Andre driftsinntekter	54 069	0
<i>Sum andre driftsinntekter</i>	54 069	0
Sum driftsinntekter	136 311 543	132 472 014

Note 2: Lønnskostnader

	31.12.2025	31.12.2024
Lønn*	68 567 986	65 785 478
Feriepengar	8 673 320	7 451 946
Arbeidsgivaravgift	11 911 676	12 213 129
Pensjonskostnader**	8 874 808	10 055 354
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 086 049	-1 843 049
Andre ytingar***	1 335 152	1 567 835
Sum lønnskostnader	97 276 894	95 230 692

Talet på utførte årsverk	67,4	65,6
---------------------------------	-------------	-------------

Lønn og andre ytingar til verksemdsleiar	1 556 766	1 491 155
---	------------------	------------------

For verksemdsleiaren blir det i tillegg dekt inntil to aviser, tenestetelefon etter statlege reglar og dessutan at leiaren disponerer ein parkeringsplass. Det er ikkje inngått avtalar med verksemdsleiaren om vederlag ved avslutning eller endring av arbeidsforholdet/vervet som kan gi vesentlege framtidige forpliktingar. Det er heller ikkje inngått andre særskilde avtalar til fordel for verksemdsleiaren.

* Premiesatsen for arbeidsgivardelane utgjorde i 2025 11,9 prosent (arbeidsgivardel av pensjonspremie på arts-konto 542 / pensjonsgrunnlaget i 2025 som er rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2024 utgjorde premiesatsen 13,6 prosent.

** Inneheld lønn og sosiale kostnader (feriepengar, arbeidsgivaravgift og pensjonskostnader).

*** Andre ytingar omfattar kostnader i samband med yrkesskadepremie, gruppelivsforsikring, bedriftshelseteneste, kantinekostnader m.m.

Note 3: Varige driftsmiddel

	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Sum
Innkjøpskost 01.01.	6 938 955	6 938 955
Tilgang i året	555 546	555 546
Avgang innkjøpskost i året (-)	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i året	0	0
<i>Innkjøpskost</i>	<i>7 494 501</i>	<i>7 494 501</i>
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.	0	0
Nedskrivningar i året	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	4 062 960	4 062 960
Ordinære avskrivningar i året	1 128 132	1 128 132
Akkumulerte avskrivningar avgang i året (-)	0	0
Balansført verdi 31.12.2025	2 303 408	2 303 408

Avskrivingsssatsar (levetider)	3-15 år lineært	
Avhending av varige driftsmiddel i 2025:		
Rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0

Note 4: Andre driftskostnader

	31.12.2025	31.12.2024
Husleige	8 948 892	8 835 910
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	732 242	716 855
Leige av maskiner, inventar og liknande*	2 239 879	1 845 561
Mindre utstyrsinnkjøp	10 249	0
Kjøp av konsulenttenester**	5 482 828	3 634 308
Kjøp av andre framande tenester***	17 433 474	18 749 355
Reiser og diett	155 130	222 075
Andre driftskostnader****	2 903 466	2 177 593
Sum andre driftskostnader	37 906 159	36 181 657

* Posten omfattar årlege lisensavgifter til programvare og dessutan kaffimaskin og vassmaskin.

** Sjå nærmare omtale av kjøp av konsulenttenester i punkt 3.4.3.

*** Posten inneheld Trygderetten sine kostnader til innvilging av fri sakføring i ankesaker som er behandla i Trygderetten (60 %), IKT-drift og -forvaltning (29 %), aidentifisering og publisering av orskurdar på Lovdata (9 %), fjernarkivtenester (1 %), tenestekjøp frå DFØ og andre utgifter (1 %).

**** Posten omfattar kostnader i samband med kurs og seminar for egne tilsette (39 %), digitale hjelpemiddel (16 %), portokostnader og avgifter i tilknytning til digitale sendingar (10 %), telefoni- og internettkostnader (2 %) og diverse kostnader i samband med rekvisita m.m. (33 %).

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar:

Attverande tid	Type eigedel					Sum
	Immaterielle eigedelar	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verk-tøy og liknande	Infrastruktur Eigidelar	
Tid: inntil 1 år	817 377			99 185		916 561
Tid: 1–5 år	1 143 168	8 948 892				10 092 060
Tid: over 5 år						8 948 892
Kostnadsført leigebetaling for perioden	1 960 544	8 948 892	0	99 185	0	11 008 621

Verksemda har ein husleigeavtale som varer i ti år på rapporteringstidspunktet, og avtalen går ut 31. desember 2027. Husleigekostnaden i 2025 er 8 948 892 kroner. Verksemda leiger program for bruk av saks- og arkivsystem m.m.

Note 5: Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2025	31.12.2024
Finansinntekter		
<i>Sum finansinntekter</i>	0	0
Finanskostnader		
Rentekostnad	358	6 362
<i>Sum finanskostnader</i>	358	6 362

Note 6A: Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemdar)

A) Forklaring på at resultatet i perioden ikkje er likt endringa i avrekna med statskassen i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2025	01.01.2024	Endring*
Avrekna med statskassen i balansen	-20 620 597	-20 635 170	14 573

* Bakgrunnen for at resultatet i perioden ikkje er likt endringa i avrekna med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemdar, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg blir det teke omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til verksemdsdrifta, og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endringa i avrekna med statskassen ikkje er lik resultatet for perioden.

Endring i avrekna med statskassen	
Konsernkontoar i Noregs Bank	
– konsernkonto, utbetaling	–130 679 465
+ konsernkonto, innbetaling	2 135 322
Netto trekk konsernkonto	–128 544 142
<i>Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrøymingspostar)</i>	
<i>Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassen</i>	
+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991)	136 257 474
– Gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)	–11 981 778
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	4 253 873
<i>Andre avstemmingspostar</i>	
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>	–14 573
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassen	0
Sum endring i avrekna med statskassen*	–14 573

* Sum endring i avrekna med statskassen skal stemme med endringa i perioden ovanfor.

Differanse

0

Note 6B: Samanheng mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen (bruttobudsjetterte verksemdar)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassen og mellomvære med statskassen

		31.12.2025	31.12.2025	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Forskjell
Immaterielle egedelar og varige driftsmiddel				
	Immaterielle egedelar	0	0	0
	Varige driftsmiddel	2 303 408	0	2 303 408
	<i>Sum</i>	<i>2 303 408</i>	<i>0</i>	<i>2 303 408</i>
Finansielle anleggsmiddel				
	<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omløpsmiddel				
	Andre fordringar	618 635	0	618 635
	<i>Sum</i>	<i>618 635</i>	<i>0</i>	<i>618 635</i>
Langsiktige forpliktingar og gjeld				
	<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld	–5 421 550	0	–5 421 550
	Skyldig skattetrekk og andre trekk	–3 972 421	–4 245 115	272 694
	Skyldige offentlege avgifter	–1 595 708	0	–1 595 708
	Avsette feriepengar	–8 617 023	0	–8 617 023

	Anna gjeld til tilsette	-2 801 991	0	-2 801 991
	Avsett pensjonspremie til SPK, arb.givardel	0	-4 698 851	4 698 851
	Anna kortsiktig gjeld	-1 133 947	0	-1 133 947
	Sum	-23 542 641	-8 943 966	-14 598 675
Sum		-20 620 597	-8 943 966	-11 676 631

Mellomvære med statskassen består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassen viser finansieringa av verksemdas netto eigdejar og gjeld.

Note 7: Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2025	31.12.2024
Forskotsbetalt leige	316 260	562 274
Andre forskotsbetalte kostnader	60 479	145 960
Andre fordringar	241 896	85 018
Sum andre kortsiktige fordringar	618 635	793 252

Note 8: Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2025	31.12.2024
Skyldig lønn	0	0
Anna gjeld til tilsette	2 801 991	2 631 016
Avsetning for lønnsoppgjær*	0	1 521 287
Oppsamla kostnader	994 916	231 355
Avstemningsdifferansar ved rapportering til statsrekneskapen	0	0
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivardel	0	0
Anna kortsiktig gjeld	139 031	0
Sum anna kortsiktig gjeld	3 935 937	4 383 658



7 Vedlegg

7.1 Avsagde tremedlemsorkurdar i 2025

Ankesak	Beskriving	Resultat
TRR-2024-1996	<p>Krav om sjukepengar – årsaksvilkåret</p> <p>Den ankande parten anka over avslag på krav om forskottering av sjukepengar og deretter sjukepengar frå trygda då arbeidsgivarperioden var over. Arbeidsgivaren hans hadde gått imot sjukmeldinga og meinte det var andre årsaker til fråværet frå arbeidet enn sjukdom.</p> <p>Bakgrunnen for at retten blei sett med fem medlemmer, var at det blei vurdert at rundskrivet frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til folketrygda kapittel 8 kunne forståast slik at beviskravet til vilkåret om at arbeidsuførleik klart må komme av sjukdom, jf. folketrygdlova § 8-4, er skjerpa utover det generelt skjerpa beviskravet som gjeld elles.</p> <p>Retten la til grunn at det skjerpa beviskravet ved årsaksvurderinga i folketrygdlova § 8-4 gjaldt som i andre saker, og at dette ikkje blei skjerpa ytterlegare i tilfelle der det kunne vere andre årsaker til fråværet. Etter ei konkret vurdering fann retten at det ikkje var sannsynleggjort at den ankande parten var arbeidsufør som følgje av ei funksjonsnedsetjing som klart kom av sjukdom. Han hadde derfor verken krav på sjukepengar i arbeidsgivarperioden eller etter at arbeidsgivarperioden var over.</p>	Stadfesting
TRR-2024-2260	<p>Retten far har til å utsetje uttak av foreldrepengar der mor ikkje har tent opp rett til foreldrepengar</p>	Omgjering

	<p>Den ankande parten hadde fått avslått kravet sitt om å utsetje uttak av foreldrepengar fordi mor ikkje var i godkjend aktivitet etter folketrygdlova § 14-14, jf. § 14-13.</p> <p>Bakgrunnen for at retten blei sett med fem medlemmer, var at ein ønskte ei tydeleg avklaring av om det gjeld ei slik aktivitetsplikt for mor der far søker om utsetjing av uttak av foreldrepengar.</p> <p>Fleirtalet i retten kom til at den ankande parten hadde krav på å få utsett uttaket av foreldrepengar, men med ulik grunngeving. To rettsmedlemmer kom til at folketrygdlova § 14-14 første og andre ledd ikkje heimla eit aktivitetskrav for mor når far utset uttak av foreldrepengar. Desse to rettsmedlemmene la avgjerande vekt på ordlyden i § 14-14 første ledd, forhistoria til føresegna og folketrygdlova § 14-11. Éin rettsmedlem kom til at folketrygdlova § 14-14 heimla eit aktivitetskrav for mor når far utset uttak av foreldrepengar, men at føresegna var i strid med likestillings- og diskrimineringslova § 6, jf. § 7, og at forskjellsbehandlinga ikkje var lovleg, jf. § 9. Denne rettsmedlemmen meinte at eit brot på likestillings- og diskrimineringslova òg var eit brot på Grunnlova § 98, og kom dermed til at folketrygdlova § 14-14 i denne saka måtte setjast til sides.</p> <p>Eit mindretal på to rettsmedlemmer kom til at folketrygdlova § 14-14 heimla eit aktivitetskrav for mor når far utset uttak av foreldrepengar, og at føresegna truleg var i strid med likestillings- og diskrimineringslova. Mindretalet meinte likevel at ein eventuell motstrid med likestillings- og diskrimineringslova, inkludert Grunnlova § 98, ikkje ville ført til at folketrygdlova § 14-14 måtte setjast til sides. Mindretalet kom heller ikkje til at folketrygdlova § 14-14 var i strid med EMK eller andre konvensjonar Noreg er bunde av.</p>	
TRR-2024-728	<p>Bruk av regelverk på verknadstidspunktet – avkorting av uføretrygd for trygdetid</p> <p>Den ankande parten fekk innvilga uføretrygd frå 1. august 2021. Uføretrygda blei gitt som minsteyting. Samla faktisk og framtidig trygdetid utgjorde 18 år, og uføretrygda blei avkorta til 18/40. Den ankande parten var ueinig i at trygdetid skulle føre til avkorting av uføretrygda, og viste til at han hadde status som flyktning. Det var to aktuelle moglegheiter for at den ankande parten kunne nå fram med at uføretrygda skulle</p>	Stadfesting

	<p>givast utan avkorting for trygdetid: anten ved at han blei rekna for å ha sett fram krav om uføretrygd før lovendringa 1. januar 2021, eller ved at den forståinga av folketrygdlova § 22-13 sjuande ledd som kom til uttrykk i instruks gitt av departementet, blei rekna som gjeldande rett, at vilkåra i føresegna blei vurderte å vere oppfylte, og at verknadstidspunktet kunne setjast til før lovendringa blei sett i kraft.</p> <p>Ein samla rett kom til at kravet ikkje kunne reknast for å vere sett fram før ved skjema datert 18. november 2021. Fire rettsmedlemmer meinte at lovforståinga til departementet var i tråd med folketrygdlova § 22-13 sjuande ledd, noko som innebar at kravet om uføretrygd skulle vurderast etter reglane slik dei lydte på verknadstidspunktet, dersom folketrygdlova § 22-13 sjuande ledd skulle brukast. Éin rettsmedlem meinte at lovforståinga til departementet var ukorrekt når det blei konkludert med at folketrygdlova § 22-13 sjuande ledd kunne brukast for å «reparere» at eit krav først var sett fram etter lovendringa, også der det var tidspunktet for når kravet blei sett fram, som styrte om vedkommande var omfatta av nye eller gamle reglar. Ein samla rett kom til at vilkåra i folketrygdlova § 22-13 sjuande ledd ikkje var oppfylte, at verknadstidspunktet ikkje kunne flyttast til før 1. august 2021, og at uføretrygda korrekt var avkorta til 18/40.</p>	
TRR-2023-2600	<p>Medlemskap. EØS. Lovval. Lex loci laboris. Arbeidstakaromgrepet</p> <p>Den ankande parten hadde søkt om A1-attest frå Noreg frå 1. november 2021, det vil seie ei stadfesting på at han var underlagd norsk trygdlovgiving frå dette tidspunktet. Dette var på bakgrunn av både bustad og arbeidsforhold i Noreg. Nav hadde avslått søknaden.</p> <p>Ankemotparten bad om at Trygderetten sette forsterka rett fordi saka reiste vanskelege rettsspørsmål om arbeid i Noreg og medlemskap, medrekna forholdet mellom lovvalsreglane i trygdeforordninga og medlemskap, og at avgjerda til Trygderetten kunne få mykje å seie for vidare praksis.</p> <p>Retten kom til at den ankande parten hadde senter for livsinteresser i Tyskland. Noreg kunne dermed ikkje vere lovvalsstat som bustadland.</p>	Stadfesting

	<p>Det sentrale spørsmålet var etter dette om den ankande parten var arbeidstakar i Noreg. Trygdeforordninga overlèt til nasjonal trygdelovgiving å definere kva som skal til for å bli rekna som arbeidstakar i relasjon til <i>lex loci laboris</i>-prinsippet.</p> <p>Etter ein grundig gjennomgang av lovhistorikken kom retten til at for å kvalifisere som arbeidstakar i Noreg etter folketrygdlova § 2-2, jf. § 1-8, må ein reint faktisk utføre arbeid i teneste for ein annan for lønn eller anna godtgjering. Retten uttalte at det sentrale er sjølve arbeidsaktiviteten. Arbeidsforholdet blir likevel rekna for å bestå i arbeidsfrie periodar som følgjer som ei naturleg oppfylling av arbeidsavtalen, som avspasering. Retten slutta seg i denne samanhengen til rettssystemet som var gitt til kjenne i TRR-2011-2042. At den ankande parten framleis hadde ein gyldig arbeidsavtale og arbeidsrettsleg hadde krav på å ta sete i stillinga etter sjukdom, var ikkje tilstrekkeleg til å vere trygdedekt som arbeidstakar i Noreg når han ikkje hadde utført arbeid i Noreg eller teke imot trygdeytningar til erstatning for arbeidsinntekt på sju månader. Avslaget på søknad om A1-attest blei derfor stadfesta.</p> <p>Fråsegner om arbeidstakaromgrepet i arbeidsmiljølova § 1-8, om avgrensinga mot dei andre kategoriane av yrkesaktive i folketrygdlova §§ 1-9 og 1-10 og dessutan om bruken av regelen om etterslep i folketrygdlova § 2-14 andre ledd i ein EØS-kontekst.</p>	
TRR-2021-3857	<p>Stønad til helsetenester i eit anna EØS-land – tannlege</p> <p>Saka gjaldt anke over avslag på søknad om refusjon av kostnader for tannbehandling i ein annan EØS-stat. Den ankande parten hadde fått avslag frå Helfo under tilvising til manglande spesialisering hos den behandlande tannlegen, jf. tannforskrifta § 3. Etter klage blei vedtaket frå Helfo stadfesta av Helseklage, som òg viste til manglande dokumentasjon for årsaka til tanntapet i grunngivinga si.</p> <p>Rettsadministratoren avgjorde at det skulle hentast inn ei rådgivande fråsegn frå EFTA-domstolen. Leiaren av Trygderetten vedtok derfor at saka skulle behandlast med fem rettsmedlemmer ettersom ho reiste prinsipielle EØS-rettslege spørsmål.</p>	Omgjering

	<p>Trygderetten kom einstemmig til at det ankande vedtaket måtte gjerast om, slik at den ankande parten blei innvilga refusjon for kostnadene til tannbehandlinga i Polen.</p> <p>Retten gjorde om det anka vedtaket og innvilga refusjonskravet. Spesialiseringskravet i tannforskrifta § 3 utgjorde ein restriksjon i retten til å få refusjon for tillagde utgifter til helsetenester som ein får over landegrensene, jf. pasientrettsdirektivet artikkel 7 nr. 1. Etter avsnitt 79 i den rådgivande fråsegna frå EFTA-domstolen kunne denne restriksjonen berre rettferdiggjeras i dei omsyna som følgjer av artikkel 7 nr. 7 i pasientrettsdirektivet. Det oppførte formålet med spesialiseringskravet var å redusere risikoen for mislykka behandling til eit minimum, som igjen vil redusere risikoen for sløsing med økonomiske og menneskelege ressursar. Under tilvising til korleis EFTA-domstolen tolka artikkel 7 nr. 7, kom retten til at spesialiseringskravet ikkje kunne rettferdiggjeras.</p> <p>Når det gjeld dokumentasjonskravet for når og kvifor den ankande parten tapte tennene, meinte retten at parten hadde lagt fram det som var nødvendig for å oppfylle krava i tannforskrifta § 1.</p>	
TRR-2025-2095	<p>Medlemskap i folketrygda. EØS. Unntak frå lovvalsreglane</p> <p>Saka gjaldt anke over avslag frå Nav på søknad om medlemskap i folketrygda under opphald og arbeid i andre EØS-land. Kjernen i saka gjaldt bruken av artikkel 16 i forordning 883/2004, som opnar for å avtale unntak frå dei ordinære lovvalsreglane mellom eitt eller fleire EØS-land.</p> <p>Rettsadministratoren avgjorde at det skulle hentast inn ei rådgivande fråsegn frå EFTA-domstolen. Leiaren av Trygderetten vedtok på den bakgrunnen at saka skulle behandlast med fem rettsmedlemmer. Ankemotparten gjorde delvis om det anka vedtaket, og behovet for ei rådgivande fråsegn var ikkje lenger til stades. Ankemotparten bad om at retten heldt fram med å vere sett med fem rettsmedlemmer for å ta stilling til praksis i Trygderetten, og retten heldt fram med å vere sett med fem medlemmer.</p> <p>Retten vurderte både kompetansespørsmålet (om når Nav kan nytte unntakstilgangen) og rettsspørsmålet (om det kan liggje føre ei plikt til å nytte unntakstilgangen). Det blei slått fast at artikkel 16 gir medlemsstatane stor grad av</p>	Stadfesta

	<p>skjønnsfridom, men at skjønnen må utøvast i tråd med prinsippa i EØS-retten, som likebehandling og rørslefridom. Det blei vidare lagt til grunn at Nav i enkelte situasjonar kan vere forplikta til å initiere forhandlingar med sikte på å inngå slike avtalar, til dømes basert på rundskriv frå Nav eller omsynet til likebehandling.</p> <p>Fleirtalet (tre rettsmedlemmer) meinte at vurderinga frå Nav låg innanfor rammene av dei gjeldande retningslinjene, og at det ikkje låg føre saksbehandlingsfeil. Dei la vekt på at den ankande parten ikkje hadde kontinuerleg medlemskap i folketrygda før den aktuelle perioden, og at det ikkje var grunnlag for å krevje at Nav skulle initiere ein artikkel 16-avtale. Fleirtalet konkluderte derfor med at det anka vedtaket skulle stadfestast.</p> <p>Mindretalet (to rettsmedlemmer) meinte at Nav hadde lagt til grunn ei for snever forståing av artikkel 16, og at det derfor var brukt feil rettsleg utgangspunkt for skjønnsutøvinga. Mindre-talet peikte på at det ville vore til fordel for den ankande parten å vere knytt til folketrygda, mellom anna for å unngå «pingpongeffekten» mellom trygdeordningar og fordi ho følgde ektefellen sin, som hadde fått innvilga pliktig medlemskap. Mindre-talet meinte òg at Nav hadde ei plikt til å oppmode trygdestyresmaktene i den andre EØS-staten om ein artikkel 16-avtale, og at vedtaket derfor skulle opphevast og saka sendast tilbake til ny behandling.</p> <p>Retten drøfta òg om det var høve til å gjere om vedtaket og påleggje Nav å inngå artikkel 16-avtale. Ein samla rett konkluderte med at Trygderetten ikkje kan påleggje Nav å inngå slike avtalar, men berre kan oppheve vedtaket dersom det er gjort feil. I tråd med fleirtalsresultatet blei det anka vedtaket stadfesta.</p>	
TRR-2025-2189	<p>Graderte sjukepengar – inntektstap</p> <p>Den ankande parten hadde over tid vore sjukmeld frå ei 100 prosent-stilling som arbeidstakar. I tillegg fekk han kommunal omsorgstønad på grunn av sjukt barn. Han var ikkje sjukmeld frå omsorgsarbeidet. Mot slutten av sjukmeldingsperioden blei sjukmeldinga gradert til 20 prosent, og Nav avslo då sjukepengar under tilvising til at samla sjukmeldingsprosent var under 20, jf. folketrygdlova § 8-13 første ledd.</p>	Stadfesting

	<p>Det prinsipielle spørsmålet i saka, og årsaka til at retten var sett med fem medlemmer, var at ein ønskte ei tydeleg avklaring av om ein kunne sjå bort frå omsorgsstønad i vurderinga av evna til å utføre inntektsgivande arbeid.</p> <p>Etter ein gjennomgang av rettskjeldene, der det òg blei teke omsyn til det særeigne ved omsorgsstønaden, kom retten til at omsorgsstønad gir uttrykk for arbeidsevne etter § 8-13 første ledd, og at ein dermed ikkje kan sjå bort frå han i vurderinga av om evna til å utføre inntektsgivande arbeid er sett ned med minst 20 prosent. Då den ankande parten var 20 prosent sjukmeld frå arbeidsforholdet sitt, men ikkje frå omsorgsarbeidet, var evna hans til å utføre inntektsgivande arbeid ikkje sett ned med minst 20 prosent. Vilkåra for rett til sjukepengar var då ikkje oppfylte. Når det gjaldt utrekninga av arbeidstid i relasjon til omsorgsstønad, peikte retten på at med mindre det var haldepunkt for noko anna, kunne det takast utgangspunkt i opplyst stillingsprosent som kommunen melder inn i A-ordninga og Arbeidsgivar- og arbeidstakarregisteret.</p>	
TRR-2025-2652	<p>Etterlatnepensjon til attlevande ektefelle – lengda på stønadsperioden</p> <p>Med verknad frå 1. januar 2024 blei etterlatnepensjonen til attlevande ektefellar tidsavgrensa, også for mange av dei som allereie fekk ytinga då lovendringa blei sett i kraft, jf. folketrygdlova § 17 A-3. Føresegna innebar at etterlatnepensjon til personar som var under 53 år og fekk pensjon på lovendrings-tidspunktet, berre kunne bli utbetalt i ein periode på tre til fem år. Den ankande parten var 41 år då lovendringa blei sett i kraft, og blei ramma av tidsavgrensinga. Hovudspørsmåla i saka var om tidsavgrensinga av den allereie innvilga ytinga var ein tilbakeverknad som var i strid med Grunnlova § 97 eller eigedomsvernet etter den første tilleggsprotokollen til Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 1 (EMK P1-1).</p> <p>Etter oppmoding frå ankemotparten vedtok leiaren av Trygderetten å setje rett med fem medlemmer fordi avgjerda kunne bli avgjerande for praksis.</p> <p>Retten la til grunn at tidsavgrensinga av etterlatnepensjonen skulle vurderast etter norma «klart urimelig eller urettferdig». Retten la til grunn at det skal mykje til før ny lovgiving som</p>	Stadfesting

	<p>grip inn i allereie etablerte trygderettar, vil bli omfatta av tilbakeverknadsforbodet i Grunnlova § 97. Lovgivaren har vesentleg spelerom, og det er berre dei kvalifiserte eller openberre tilfella av absurditet og urettferd som skal rammast. Ved den konkrete vurderinga la retten til grunn at tidsavgrensinga av etterlatnepensjonen var eit stort inngrep i trygderettane til den ankande parten. Sjølv om lovendinga fører til at ei allereie innvilga yting tek heilt slutt, vurderte retten at det ikkje var særleg urimeleg at ho måtte forsørge seg sjølv etter ein omstillingsperiode på tre til fem år. Ho var 41 år då lovendinga blei sett i kraft, og hadde mange år att i yrkesaktiv alder. Retten kom til at det ikkje var sannsynleggjort at ho blei ramma særleg hardt av lovendingane. Retten la vekt på at det låg føre tungtvegande grunnar bak ønsket frå lovgivaren om å avvikle etterlatnepensjonen som ei varig yting, og at det dessutan var tungtvegande grunnar til at avviklinga òg måtte gjelde den yngste delen av dei som allereie var innvilga pensjon då endringane blei sette i kraft. Fordi lovgivaren har behov for handlefridom, kunne ikkje retten sjå at det var klart urimeleg eller urettferdig å innføre ei tidsavgrensing av ytinga for dei som var under 53 år då lova tredde i kraft. Det låg dermed ikkje føre ein tilbakeverknad som var i strid med Grunnlova § 97. Retten kom heller ikkje til at inngrepet var urimeleg, jf. EMK P1-1.</p>	
TRR-2025-2375	<p>Nytt krav om uføretrygd etter tidlegare avslag. Ankerett</p> <p>Den ankande parten hadde søkt om uføretrygd fleire gonger og fått avslag grunnsett i at vilkåret i folketrygdlova § 12-2 om føregåande medlemskap ikkje var oppfylt. Eit av avslaga blei stadfesta av Trygderetten i TRR-2017-166. I oktober 2022 sette den ankande parten på nytt fram krav om uføretrygd. Nav avslo kravet med same grunngeving som tidlegare. Vedtaket blei stadfesta av ankemotparten og anka til Trygderetten.</p> <p>Leiaren av Trygderetten avgjorde at det skulle setjast rett med fem rettsmedlemmer for å avklare rett prosess i saka. Bakgrunnen for avgjerda var at det var påvist sprik mellom praksisen til Nav og Trygderetten ved behandlinga av liknande saker der ein medlem fremja nytt krav om uføretrygd etter å ha fått avslag på eit tidlegare krav fordi medlemsvilkåret i folketrygdlova § 12-2 ikkje var oppfylt. Spriket gjaldt korvidt eit nytt krav skulle behandlast som eit krav om at tidlegare vedtak/rettsavgjerd skulle gjerast om eller takast opp att, eller om det skulle avgjerast i ei ny sak med klage- og anketilgang.</p>	Avvising

	<p>Det sentrale spørsmålet for retten var om saka i realiteten var same sak som blei avgjort av Trygderetten i den tidlegare orskurden TRR-2017-166. Retten uttalte at skiljet mellom ny og same sak måtte basere seg på ei konkret heilskapsvurdering. Dersom vilkåra i dei aktuelle føresegnene i praksis stengjer for nytt krav for same hending eller det ligg føre ei avgjerd om «et fortidig forhold, som det ikke kan skje endringer i», vil det vere rett å behandle eit nytt krav om det same forholdet som ei oppmoding om å gjere om saka eller eit krav om at den tidlegare avgjerda blir teken opp att.</p> <p>Når det gjaldt vilkåra om føregåande medlemskap, uttalte retten at føresegnene i seg sjølve ikkje stengjer for behandling av eit nytt krav om uføretrygd, fordi medlemsvilkåret kan oppfyllest på eit seinare tidspunkt. I den konkrete vurderinga delte retten seg i eit fleirtal og eit mindretal. Fleirtalet (4) kom til at det ikkje var tilstrekkeleg for ei ny ankebehandling at det nye kravet gjaldt frå eit seinare tidspunkt. Etter vurderinga til fleirtalet baserte merknadene til den ankande parten i ankesaka seg på det same faktiske grunnlaget som ankesaka som blei behandla i TRR-2017-166. Det var dermed same sak som låg føre i Trygderetten. Realitetsbehandling føresette då krav om at saka skulle takast opp att, og at vilkåra for dette var oppfylte. Den ankande parten hadde uttrykkjeleg ikkje kravd at rettsavgjerda til Trygderetten skulle takast opp att, heller ikkje subsidiært. Dermed låg det ikkje føre noko kravsmål om å ta opp att saka, og ho måtte, slik fleirtalet såg det, avvisast.</p> <p>Mindretalet meinte at anken skulle takast opp til behandling, og la avgjerande vekt på at den ankande parten hadde sett fram eit nytt krav om uføretrygd nær seks år etter at Trygderetten avsa rettsavgjerd, og dessutan at ho uttrykkjeleg hadde halde kravet ved lag sjølv om klageinstansen til Nav på eit tidspunkt meinte det burde behandlast som eit krav om at saka skulle takast opp att.</p> <p>Utgangspunktet etter gjeldande rett, mellom anna omtalt i Prop. 79 L (2024–2025) punkt 22.3.1.3, at eit nytt krav skal behandlast som ei ny sak, gjorde seg dermed gjeldande.</p>	
TRR-2025-2419	<p>Fastsetjing av sjukepengesgrunnlag for næringsdrivande</p> <p>Den ankande parten hadde i fleire år hatt inntekt som både arbeidstakar og næringsdrivande. Ho utvida</p>	Omgjering

næringsverksemda i november 2022 frå internettsal til fysisk butikk. Partane var einige om at det hadde skjedd ei varig endring av arbeidssituasjonen.

Det prinsipielle spørsmålet i saka gjaldt tolkinga og bruken av føresegna om skjønnsfastsetjing av sjukepengegrunnlaget i folketrygdlova § 8-35 tredje ledd.

Ankemotparten meinte at føresegna skulle forståast slik at det ikkje kunne konkluderast med avvik på over 25 prosent utan at skjønn blir utøvd, og at skjønnsresultatet blir lagt til grunn dersom avviket overstig 25 prosent, men ikkje elles. Retten kom til at tolkingalternativet til ankemotparten førte til at vurderinga blir gjort i motsett rekkjefølgje av det som følgjer av ei naturleg språkleg forståing av ordlyden. Retten kunne ikkje sjå at forarbeida eller systematikken i lova støtta ei slik tolking. Tolkinga var heller ikkje i samsvar med forståinga i rundskriv frå Nav. Retten meinte at ei naturleg språkleg forståing av ordlyden tilsa at vurderinga skulle skje i to operasjonar. Først skal det etablerast om det ligg føre tilstrekkeleg avvik etter varig endring. Dersom avviket utgjer meir enn 25 prosent, blir deretter sjukepengegrunnlaget fastsett ved skjønn ut frå godtgjord inntekt på sjukmeldingstidspunktet. Den første vurderinga er tilbakeskodande frå sjukmeldingstidspunktet, og den andre vurderinga er meir framoverskodande: Sjukepengane skal erstatte det medlemmen mest truleg ville hatt i inntekt utan sjukmeldinga. Likevel vil dei to storleikane ofte vere samanfallande.

Retten kom deretter til at avviket var på 42 prosent. Vilkårane for å fråvike hovudregelen var oppfylte, og sjukepengegrunnlaget skulle fastsetjast ved skjønn «ut fra den pensjonsgivende årsinntekten som kan godtgjøres på sjukmeldingstidspunktet». På sjukmeldingstidspunktet var den ankande parten i permisjon frå arbeidsforholdet, og det aktuelle inntektsbortfallet gjaldt inntekta som næringsdrivande. Sjukepengegrunnlaget blei med skjønn fastsett til næringsinntekta for 2023.

TRR-2025-2684	<p>Ung ufør – vurdering av vilkåret om alvorgrad ved rusliding</p> <p>Den ankande parten hadde ADHD og rusliding. Den prinsipielle problemstillinga gjaldt forståinga av vilkåret om alvorgrad når ei rusliding inngår som ein del av sjukdomsbiletet.</p> <p>Slik retten ser det, må rusbruk med konsekvensar for åtferd og/eller helse som tilfredsstillar diagnosekriteria i ICD-10 kapittel F10-19 og tilsvarande i ICPC-2, reknast som sjukdom etter folketrygdlova § 12-13 tredje ledd. Retten tok vidare utgangspunkt i at ved vurderinga av vilkåret om klart dokumentert alvorleg og varig sjukdom må alle sjukdommar, skadar eller lyte vurderast konkret, og at det ikkje synest å vere grunnlag for ein del av den særbehandlinga av rusliding som ein har sett i praksis. Rusliding skal ikkje haldast utanfor, men inngå på linje med annan sjukdom ved den samla vurderinga av sjukdomsbiletet. Det kan ikkje stillast opp tilleggskrav for rusbruk/rusliding om at rusliding ikkje kan vere hovudårsak til uførleik, eller at alvorleg sjukdom etter folketrygdlova § 12-13 tredje ledd må ha lege føre før rusliding/rusbruk. Men rusliding åleine vil berre heilt unntaksvis vere tilstrekkeleg til å oppfylle vilkåret om alvorleg og varig sjukdom.</p> <p>Ved den konkrete vurderinga fann ikkje retten at det var sannsynleggjort at ADHD-en til den ankande parten var av dei alvorlegaste tilfella. Ruslidinga var isolert sett av ein slik karakter at ho ofte ville kunne overvinnast i ung alder ved behandling og anna oppfølging, og ho kunne heilt klart ikkje reknast som alvorleg sjukdom. Heller ikkje det samla sjukdomsbiletet kunne seiast å oppfylle alvorsvilkåret. Det dreidde seg ikkje om store organiske avvik eller massive/alvorlege psykiske tilstandar på nivå med døma i rundskrivet, men om meir moderate symptom og åtferdsavvik.</p>	Stadfesting
---------------	---	-------------

7.2 Avsagde treamedlemsorkurdar i 2023

Ankesak	Beskriving	Resultat
TRR-2025-3449	<p>Den saklege kompetansen til Trygderetten</p> <p>Saka gjaldt kompetansen til Trygderetten i ei sak om aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år, jf. forskrift om aktivitetshjelpemiddel til personar over 26 år.</p>	Tilvising

	<p>Klageinstansen i Nav hadde meint at anken måtte avvisast fordi han ligg utanfor det saklege verkeområdet til Trygderetten etter at heimelsgrunnlaget for forskrifta blei endra frå folketrygdlova til det årlege budsjettvedtaket i Stortinget, med verknad frå 1. januar 2024. Leiaren av Trygderetten avgjorde at retten skulle setjast med tre medlemmer for å avklare den saklege kompetansen til Trygderetten.</p> <p>Retten var ueinig i vurderinga til ankemotparten og kom einstemmig til at heimelsendringa frå folketrygdlova til Grunnlova § 75 d ikkje har endra den saklege kompetansen til Trygderetten. Trygderetten kan behandle ankar over vedtak som gjeld avslag på aktivitetshjelpemiddel.</p>	
TRR-2025-2248	<p>Statens pensjonskasse – pensjonsgrunnlag</p> <p>Saka gjaldt eit spørsmål om den ankande parten hadde krav på å få rekna ut alderspensjon frå Statens pensjonskasse etter føresegna i lov om Statens pensjonskasse § 15 andre ledd om delt pensjonsgrunnlag. Saka reiste særleg spørsmål om det ved vurderinga av om medlemmen tidlegare hadde hatt høgare pensjonsgrunnlag enn på pensjoneringstidspunktet, skulle gjennomførast ei oppregulering basert på lønnsutviklinga i eit aktuelt eller samanliknbart lønnstrinn (lønnstrinnsmetoden) eller basert på utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda (G-regulering).</p> <p>Etter oppmoding frå ankemotparten om forsterka rett vedtok leiaren av Trygderetten å setje rett med tre medlemmer.</p> <p>Trygderetten konkluderte etter gjennomgang av relevante rettskjelder med at oppreguleringa av det tidlegare pensjonsgrunnlaget skulle skje basert på lønnstrinnsmetoden i tråd med langvarig og konsistent praksis frå Statens pensjonskasse. Praksisen til SPK hadde eksistert i over 60 år og måtte reknast for å ha utvikla seg til å bli ei rettsleg bindande norm. Bruk av lønnstrinnsmetoden førte for den ankande parten til at det ikkje låg føre nokon nedgang i lønn. Han hadde derfor ikkje rett til eit delt pensjonsgrunnlag etter § 15 andre ledd.</p> <p>Saka reiste vidare spørsmål om den ankande parten hadde fått fastsett korrekt gjennomsnittleg stillingsstorleik, jf. lov om Statens pensjonskasse § 15 tredje ledd. Trygderetten la til grunn at mannen hadde to stillingar i perioden frå 6. mai til 4. juni 2013. Synspunktet frå SPK om at det måtte vere utført aktivt</p>	Stadfesting

	<p>arbeid i begge stillingane samtidig, førte ikkje fram fordi det ikkje var grunnlag i rettskjelder for ei slik innskrenkande tolking av § 15 tredje ledd samanhalde med § 19 og § 20. Mannen hadde derfor rett til å få rekna med begge stillingane for den aktuelle perioden i utrekninga av gjennomsnittleg stillingsstorleik. Dei anka vedtaka blei derfor delvis stadfesta, slik at den ankande parten ikkje hadde rett til å få rekna ut eit delt pensjonsgrunnlag, men delvis omgjort slik at den ankande parten fekk medrekna tenestetida for samtidige stillingar i den aktuelle perioden.</p>	
TRR-2025-2833	<p>Omsorgsdagar ved sjukdom hos barn/pårørande</p> <p>Ein gut fødd i 2018 hadde hatt tilbakevendande øyrebetennelsar sidan 2023. Spørsmålet i saka var om mor hans hadde rett på ekstra omsorgspengar. Nav hadde avslått kravet på bakgrunn av at vilkåret om «markert høgere risiko for fravær fra arbeidet for å ta seg av barnet», jf. folketrygdlova § 9-6 andre ledd, ikkje var oppfylt. Ankemotparten meinte at tidshorison ten for dette vilkåret knytte seg til helsetilstanden til barnet fram til det kalenderåret barnet fylte 18 år.</p> <p>Etter oppmoding frå ankemotparten om forsterka rett vedtok leiaren av Trygderetten å setje rett med tre medlemmer.</p> <p>Retten fann at Nav hadde lagt ei ukorrekt lovforståing til grunn. Retten viste til at utvida omsorgspengar kan innvilgast i tilfelle der barnet er langvarig sjukt, noko som inneber at ein reknar med at sjukdommen vil vare i meir enn eitt år. Utvida rett til omsorgspengar kunne dermed, slik retten vurderte det, innvilgast i korte periodar, også for ein periode på berre eitt år. Ettersom partane hadde lagt vekt på lovtolkinga då saka blei lagd fram for Trygderetten, og det var dette den ankande parten hadde oppmoda retten om å kommentere og opplyse, kom retten til at det anka vedtaket skulle opphevast og sendast tilbake til Nav for ny vurdering.</p>	Oppheva og vist vidare

7.3 Statistikk 2016–2025

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Mottekne ankesaker	3 538	3 933	3 908	4 600	4 151	4 663	3 934	3 108	3 861	4 629
Behandla ankesaker	3 606	3 261	4 146	4 166	3 304	3 415	4 114	5 149	4 918	4 437
Gj.snittleg saksbehandlingstid i dagar	208	231	234	218	246	356	414	398	211	127
Prosentdel fullt grunngitte orskurdar	81 %	79 %	70 %	75 %	77 %	80 %	84 %	66 %	56 %	38 %
Heil/delvis omgjerung (%)	12 %	11 %	11 %	13 %	14 %	13 %	15 %	14 %	11 %	9 %
Oppheva og vist vidare (%)	9 %	10 %	8 %	8 %	8 %	6 %	6 %	4 %	5 %	4 %
Gunstprosent	20 %	20 %	21 %	21 %	22 %	22 %	21 %	18 %	17 %	12 %
Ubehandla ankesaker	2 035	2 709	2 471	2 905	3 752	4 826	4 646	2 505	1 448	1 640
Prosentdel saker behandla innan 6 md.	33 %	16 %	25 %	37 %	32 %	20 %	11 %	10 %	45 %	84 %
Saker som blei avgjorde etter meir enn 9 md.	621	1 000	2 124	1 560	1 577	2 538	3 509	4 338	1 322	267
Saker som blei avgjorde etter meir enn 12 md.	49	41	340	135	624	2 245	3 254	3 413	465	98
Saker som er avgjorde med munnleg beh.	2	-	-	-	-	-	1	1	0	1
Saker som er avgjorde med 5 medlemmer	2	9	3	3	3	15	3	3	9	11
Saker som er avgjorde med 3 medlemmer		9	0	3	0	2	1	8	7	2

TALET PÅ SAKER PER ANKEMOTPART	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Navs klageinstans	3 016	3 595	3 589	4 317	3 775	4 313	3 614	2 862	3 603	4 402
Nasjonalt klageorgan for helsetenesta	43	22	52	55	131	67	41	42	38	28
Kommunal Landspensjonskasse (KLP)	79	100	94	52	51	39	24	48	48	50
Statens pensjonskasse (SPK)	368	185	166	148	117	129	103	129	154	106
Andre	32	31	7	28	77	115	152	27	18	43
SUM	3 538	3 933	3 908	4 600	4 151	4 663	3 934	3 108	3 861	4 629

TALET PÅ SAKER PER SAKSTYPE	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Dagpengar	196	200	148	149	114	129	204	185	222	175
Sjukepengar	267	486	475	458	284	475	371	290	687	578
Arbeidsavklaringspengar	523	558	605	774	898	676	446	225	218	435
Yt. under ftrl. kap. 10	170	175	97	52	70	71	69	60	57	59
Grunn- og hjelpestønad	126	84	128	93	45	43	54	72	109	100
Einsleg forsørgjar	64	74	112	84	63	31	45	41	36	34
Pensjonsutrekning	94	72	62	21	14	26	10	10	13	137
Statens pensjonskasse							104	91	95	99
Yrkesskadar	235	252	257	227	347	594	329	263	347	634
Uføretingar	484	750	872	1 296	1 123	1 379	1 180	924	1 030	1 308
Forvaltingsmessige føresegner							270	206	248	90
Barnetrygd							28	36	45	100
Saker etter trygderettslova							315	380	456	474
Svangerskap, fødsel, adopsjon							126	67	41	78
Stønad ved helsetenester							39	36	15	18
Medlemskap							58	40	33	102
Anna	1 379	1 282	1 152	1 446	1 193	1 239	286	182	209	208
SUM	3 538	3 933	3 908	4 600	4 151	4 663	3 934	3 108	3 108	4 629

7.4 Likestillingsrapportering

Tilstandsrapportering om aktivitets- og utgreiingsplikta:

Per 31.12.2025	Kjønnsbalanse			Lønn (gjennomsnitt per år i 1000 kr)		Lønna til kvinner i prosentdel av lønna til menn	
	M %	K %	Total (N)	M	K		
Totalt i verksemda	2025	36	64	75	1 096	999	91
	2024	40	60	67	893	911	102
Toppleiar	2025	0	100	1	0	1 556	100
	2024	0	100	1	0	1 466	100
Mellomleiar (avdelingsleiar, avdelingsdirektør)	2025	33	67	6	1 250	1 400	112
	2024	20	80	5	1 327	1 316	99
Alternativ karriereveg-stillingar (rettsmedlemmer, dommarar)	2025	50	50	40	1 241	1 241	100
	2024	50	50	40	1 177	1 177	100
Saksbehandlarar	2025	29	71	7	730	695	95
	2024	25	75	4	725	676	93
Konsulentar/sekretærer – adm.	2025	0	100	3	0	652	100
	2024	40	60	5	614	607	99
Lærlingar	2025	0	0	0			
	2024	0	0	0			
Slutta	2025	20	80	10			
	2024	23	77	13			
Nyrekrutterte	2025	20	80	15			
	2024	50	50	4			
Deltidstilsette – studentar	2025	0	100	4	0	550	100
	2024	0	100	3		507	
Mellombels tilsette – fullmektigar	2025	21	79	14	620	640	103
	2024	20	80	15	622	632	101
Foreldrepermisjon (fødsels-/omsorgs-/fedrepermisjon)	2025	33	67	3			
	2024	60	40	5			
Gjennomsnittleg tal på veker foreldrepermisjon for kvinner og menn	2025	29	71	51			
	2024	18	48	33			
Legemeldt sjukefråvær (%)	2025	0,9	7,0	4,6			
	2024	2,0	4,2	3,4			

Merknad til tabellen: I kategorien mellomleiarar ligg underdirektørar og avdelingsdirektørar. Under saksbehandlarar ligg rådgivarar og seniorrådgivarar. Under alternativ karriereveg ligg rettsmedlemmer. Under konsulentar ligg førstekonsulentar og seniorkonsulentar.

Trygderetten har ikkje identifisert utfordringar med likestilling som det er grunnlag for å setje i verk tiltak mot. Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal bli behandla likt uavhengig av kjønn.

Av dei tilsette i Trygderetten er 64 prosent kvinner og 36 prosent menn. Innanfor dei ulike stillingskategoriane har samansetnaden vore meir eller mindre den same dei seinare åra.

Dei tilsette som arbeider deltid, er i hovudsak kvinner. Deltid er hovudsakleg frivillig eller eit tiltak i samband med redusert arbeidsevne.

Generelt gjeld det at lønnsnivået innanfor dei ulike stillingskategoriane er det same for kvinner og menn, og alle har same arbeidstid.

Trygderetten skil seg frå dei fleste statlege verksemdar ved at dei to største stillingsgruppene, rettsmedlemmene og rettsfullmektigane, har lik lønn. Dette er eit prinsipp på linje med lønnsfastsetjinga i dei alminnelege domstolane. Rettsfullmektigane (åremål) har ein lønnsstige med ansiennitet (etter kvar ein er i åremålet) som kriterium for lønns plassering.

For dei andre stillingsgruppene er det ikkje avdekt lønsmessige forskjellar som er baserte på kjønn. Blant saksbehandlarane våre og dei kontortilsette er det ein stor del kvinner. Desse stillingsgruppene har hatt ei jamn lønnsutvikling dei seinare åra.

Når det gjeld permisjonar, er det felt ned i tilpassingsavtalen vår at begge kjønn skal ha like moglegheiter til å kombinere omsorgsplikter og yrkesliv.

Trygderetten har seks leiarstillingar: leiaren av Trygderetten, fire avdelingsleiarar og ein avdelingsdirektør (leiar for administrasjonsavdelinga). Med unntak av stillinga som avdelingsdirektør skjer tilsetjinga av leiarar i statsråd. Leiar, avdelingsleiarar og avdelingsdirektør utgjer leiargruppa i Trygderetten, og i denne gruppa er det fem kvinner og éin mann. I tillegg har vi ein mannleg fagdirektør i staben.

I tilpassingsavtalen for verksemda om medråderett er det felt ned at uansett kjønn skal arbeidsoppgåver fordelast slik at alle tilsette får likt høve til å kvalifisere seg for avansement til leiande stillingar.

Uavhengig av kjønn er moglegheitene for å delta på kurs/faglege seminar til stades. Vi har systematisk opplæring av nytilsette, og vi gir tilbod om deltaking på relevante kurs/seminar avhengig av arbeidsområda til den enkelte.

I IA-arbeidet vårt har vi sett som delmål at vi skal behalde medarbeidarar med redusert funksjonsevne heilt eller delvis fram til ordinær pensjonsalder, ved mellom anna å tilby tilrettelegging av det fysiske arbeidsmiljøet. Trygderetten har som mål å ha ein høg gjennomsnittleg pensjonsalder.



8 Melding frå Riksrevisjonen

TRYGDERETTEN
Org. Nr.: 974761084

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Trygderetten for regnskapsåret 1. januar til 31. desember 2025. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapporteringen, virksomhetsregnskapet og notene, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at det er rapportert netto 128 963 952 kroner til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav,
- gir oppstillingene av bevilgnings- og artskontorrapporteringen et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for regnskapsåret 2025 og kapitalposter per 31. desember 2025, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, og
- gir oppstillingen av virksomhetsregnskapet et dekkende bilde av virksomhetens resultater for regnskapsåret 2025, samt eiendeler, gjeld og statens kapital per 31. desember 2025, i samsvar med de statlige regnskapsstandardene (SRS).

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov om Riksrevisjonen (riksrevisjonsloven) og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til loven og standardene er beskrevet nedenfor under *Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapsoppstillingene*. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI-ene) etikkregler, og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsrapporten. Øvrig informasjon omfatter ledelseskomentarer (del VI) og annen øvrig informasjon i årsrapporten (del I-V). Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i den øvrige informasjonen i årsrapporten.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapsoppstillingene og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov om Riksrevisjonen og ISSAI-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med lov om Riksrevisjonen og ISSAI-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter

revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på bevilgningsreglementet, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på reglementet.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunktet for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer det overordnede departementet om funn og svakheter.

Oslo, 17.06.2026

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Usman Asif
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.



Trygderetten

Postadresse

Postboks 4724 Nydalen
0421 Oslo

Besøksadresse

Sandakerveien 130
0484 Oslo

Kontakt

post@trygderetten.no
Sentralbord: 23 15 95 59

Org.nr.

974 761 084